

MØTEBOK
1931 – 1939

Lovar for Lysefjordens ungdomslag

§ 1

Lysefjordens ungdomslag vil samla ungdomen i Lysefjorden til arbeid for folkeleg upplysing paa full mark grunn og til samvær og hugnad.

§ 2

Aarspengane skal betalast paa forskud so snart kontigentåret er byrja og detta vert rekkna frå 1ste juli til 30 juni. Aarspengane er kr. 2.00 for menn og kr. 1.00 for kvinna. Vis ein ikkje betalar aarspengane til laget innan 3 möte etter at kontigentaaret er byrja, so skal laget taka inngongspengar kr. 0.25 av dei som ikkje er medlemar.

§ 3

Arbeidsaaret vert rekna i tidi fraa det eine aarsmöte til det andre.

§ 4

Aarsmöte skal vera siste möte i desember istaden for fyrr det var i mars, elles vert resten det same som fyrr.

§5

Styret vel seg imillom skrivar og kassastyrar. Styret vel seg vidare ei nemd fyrr kvart 1 aar som hev aa syta fyrr ved og reinhald i mötehuset.

§6

Vanlege möte vert haldne kvar 14 dag eller so ofte so styret finn det tenlegt. På möte kan vera fyredrag, ordskifte, upplesing, song, leik og elles det som styret finn höveleg.

§7

Röysterett i lagsaker hev alle lagfolk som hev lagt aarspengane. Vanlege lagsaker vert avgjorde med röystefleirtal av dei som möter, staar röysterne like gjer formannen si röyst utslaget.

§8

Laget skal meldast inn i Hordalands ungdomslag.

§9

Framlegg til brigde i desse lovane skal vera kungjort minst 14 dagar fyrr aarsmöte, aarsmöte kan daa vedtaka framlegget med 2/3 röystefleirtal av dei som möter

Tillegsparagraf 10

Vis laget nokorsinne vert nedlagt, skal eignalutane so godt som raad er umgjarast i pengar og setjast inn paa bankbok der dei skal staa paa renter. Skulde so laget verte uppattteke innann 10 aar so hev laget rett paa pengarne og midlarne til si raadigheit. Vis ikkje laget vert uppatt teke innann 10 aar, so skal Lysefjordens boksamling ha den eine halvdel og Os sogelag den andre.

1931 Laurdagskvelden den 19 desember hadde Lysefjordens ungdomslag årsmöte. Det tok til i 9 tidi med songen „Kunskap skal styra rike og land". Referat og årsmelding vart upplese og godkjent, likeeins rekneskapen. John Rindedal las „Ljosglimt" og gav Borghild Omma stadet til neste gong. Då det ingen lagsaker var – vart det gått yver til valg av nytt styre for komande år.

Som formann vart valgt – Albrikt Söviknes, dei andre tre styreslemarne vart. Rikardt Boderne – Johs. J. Nordvik og Kari Kalvetræ. Varamenn for dei vart: Kristian Drange, Kristoffer Drange og Brita Sövik. Ettersynsnemd for rekneskapen vart: Nils M. Drange og Alfred Sövik. I hus og ved nemdi vart attvald dei same som fyrre år.

Tribunnemd vart: Alfred Sövik, Johannes Nordvik, Anfinn Nordvik og Kristian Drange.

Albrikt Söviknes vart vald som utsending til Os ungdomssamskipnad, med Ola Bönes som varamann.

Möte vart avslutta umlag kl. 11 med songen „Fred hviler over land og by".

For skrivaren
Marie Nordvik

1932

Laurdags kvelden 9 januar heldt Lysefjordens ungdoms lag joletrefest i skule huset i Uradalen. Festen var sett til klokka 8, men tok ikkje til før i 9 tidi. Det var ein heil del ungdomar samla, og ein del eldre og.

Formanden ynskte alle velkomen, og gav so ordet til lærar Løkling, som heldt ei fram ifrå gild fest tala om „Menneskets ideal."

Etter tala fekk dei mat og kaffi, og då alle var forsynte vart bordi tekne vekk, og joletre kom fram. So vart det gong um joletre, og hornmusikken spela til. Harald Søvik hadde „Ljosglimt", som han las upp i ei kvilestund.

Då det leid på, heldt lærar Løkling eit foredrag, og so vart det gong um joletre att. Tilslutt vart det litt folkevise leik. Festen slutta i 3 tidi.

Kari Kalveta
Skrivar

Laurdagskvelden 23 januar 2dre
hadde Lysefjordensungdomslag det fyrste
möte i det nye året. Mötet tok til i
9 tidi med songen „Upp til arbeid, upp
til strid." Formannen ynskte då alle
velkomen til arbeids i dette året,
og takka so lærar Bönes for den
tidi han hadde vore formann.

Referet frå fyrre möte vart op-
lese og godteke. Ljosglimt vart
upplese av Harald Sövik, og han
tok att bladet til neste möte.

Formannen valde so ut fire
stykker, som skulde lesa kvar sitt
stykke på neste möte. Desse vart vald:
Brita Sövik, Marie Nordvik,
Nils Kolten og Georg Sjöbö.

Rikardt Boderne les so eit stykke
um skåtåret, og etterpå fortalde Bönes
litt um folkeskikken i gamal tid nede
i Rom.

Songen „Aaleva det er å elska" vart
sungen, og Harald Sövik les eit morosamt
stykke.

Kassastyraren hadde gjort greidt
med rekneskapen etter jöletrefesten,
og det var soleis: Innkoma kr. 98.95
utloga — " — 94.27
Fortenesta vart då — " — 4.68

Agnes Sjöbö og Johanna Straumen
lova og vaska etter mötet.
Tilslutt var det litt leik. Næste möte vart
sett ~~til~~ laurdagskvelden um fjorten dagar. Mötet slutta i 12 tidi
med songen „Fred hviler over land og by."

Kari Kalvetra
Skrivar

Laurdags kvelden 6 februar hadde Lysefjordens Ungdomslag möte som tok til i 9 tide med songen „No til anna enn gaman og kjate".

Formannen ynskte alle velkomen. Det vart so snakka litt um eit spelstykke, som laget skulde syna fram, og til å spela det vart desse vald: Harald Sövik, Rikkhardt Bodem, John Rindedal, Georg Sjöbö og Borghild Ona. Dersom ikkje Harald Sövik kunde vera med, skulde Lars Nordvik vera med.

John Rindedal og Ole Söviknes, som er med i vednemdi, skulde syta for ved, og leggja i omnen på kvart möte.

Referat frå fyrre möte vart oplese og godteke utan merknad.

Bönes hadde snakka um og ha songövelse i laget, dersom der var nokon som hadde hug og lera fleire songar i songbökene. Det vart röysta yver, og det synte seg då at dei fleste vilde vera med og ha songövelse; men då Bönes ikkje var til stade, skulde det diskuterast nærmare på komande möte.

Brita Sövik og Anna Kalvetra skulde vaska etter möte. Nils Kollen las so eit stykke, og etter på fekk me höyra „Sjöglimt" av Harald Sövik, Han gav bladet til Marie Drange. Brita Sövik las eit stykke av Nils Tveit. Marie Nordvik og Georg Sjöbö skulde lesa kvar sitt stykke på næste möte.

Harald Sövik hadde til ein

forandring teke med seg ein harpeleik, so me fekk höyra både song og musik.

Formannen synte so fram 3 sölvskjeier som skyttarane hadde vunne.

Sidan skiftast det um upplesing song, musik og leik.

Komande möte skulde vera um 14 dagar. Möte slutte so med songen „Fred hviler over land og by."

Kari Kalvetræ
Skrivar

Söndag 21 februar hadde Lysefjordens ungdomslag vanlegt möte, som tok til i 9 tidi med songen „No til anna ein gaman og kjæta." Referat frå fyrre vart upplese og godteke med ein merknad, um at laget hadde vedteke og kjöpa ny öks.

Rikhardt Boderne les so eit stykke um kvinna og skötøret, og Marie Nordvik les eit som heitte „Kva songfuglen löyste."

Marthe Straumen og Magda Söviknes vart vald til å lesa stykke på komande möte. So fekk me höyra felespell av Johannes Sjöbö, og etter på fortalde Bönes vidare um livet og folkeskikken i gamle Rom. Borghild Sövik og Kari Kalvetræ skulde vaske etter möte.

Bönes lærde oss so tonen på to nye songar, og lova og koma att seinare og lære oss fleir. Han nytta so höve med det same og seggja frå at han hadde fått spurnad frå Djuvik um korleis det gjeng med songlaget her, um dei vilde halda ved og syngja, eller slutta. Då ikkje songarane sa få, kom Bönes med forslag um å få Djuvik hertil ein kveld, og dei som då hadde hug å vera med i songlaget fekk möte upp.

Tilslutt fekk me höyra musik av Johannes og Georg Sjöbö. Det ca var oplivande med musikk og tidi gjekk alt for snart. Næste möte skulde vera um otte dagar til, og gjentone skulde denne gongen ha programet. Möte slutta i 12 tidi.

Kari Kalvebræ
Skrivar

✓

Laurdag 27 februar hadde Lysefjordens ungdomslag möte. Det var gjentone som denne gongen hadde bede um programmet. Möte var sett til kl. 8; men tok ikkje til for i 9 tidi, og ein masse ungdomar hadde samla seg.

Möte vart opna med songen „Den fagre gjenta skal ut og blenkja".

Referat frå fyrre möte vart oplese og godteke utan merknad. Då det ikkje var andre lagsaker, gav formannen ordet til Nils Flesland som var boden med på festen. Han las so eit interesant stykkje og nokre dikt av Vinje.

Etterpå vart det so mat og kaffi, og mens folket sat med bordi, song Harald Søvik to morosamme viser som gjentone hadde fått til festen, og som dei ikkje hadde mot til å syngja sjølv.

Når so folk var forsynt og bordi vekktekne, fekk Bønes hug og snakka meir um mat og drikka, og han fortalde då vidare um matfestane og folkeskikken i gamle Rom.

Når han so slutta vart det leik, og mest alle var dei med og leika. Til og med Niklas i Dalen og Johannes Straumen so fekk dei hug å vera med ungdomen, og var med både og gjætte marsen og til sæters, og ut og gå på brandtvakt. I ei kvilestund las Borghild Oma eit morosamt stykkje, um ei gjenta som hadde tenkt seg ut på friing; men som gav op håpet når ho kom til Hans i Røyla.

Flesland song fleire morosamme viser og songar, og Harald Søvik las nokre skrøner. Sidan var det leik og turdans til kl. var burt i mot halv-fire og då var det på tidi og slutte

Kari Kalvetra
Skrivar

Lysefjordens ungdomslag hadde vanlegt møte sundag 13 mars.
Møte var sett til kl. 8. men tok ikkje til for i halv ti tidi. Songen „Det dagast i Norig med sol på tind" vart sungen, og referat frå fyrre møte vart oplese og godteke med ein merknad. Bønes sa frå at det han fortalde på gjentefesten ikkje var frå gamle Rom, som det var skreve i referatet, men frå Nordalandet.

Formannen hadde fått skriv frå Myrtveit um ungdomen vilde skipa til ein underhaldning til innkoma for arbeidslause ungdomar. Til å styra med det vart det vald ei nemd, og desse vart vald: Harald Søvik, Lars Nordvik, J. Nordvik.

So fekk me høyra „Ljosglimt" av Marie Drange, og ho gav Rikhardt Buena bladet til neste møte.

Det vart so vald ei nemd som skulde skipa til marknad, og desse var valde: Nils Hollen, Rikhardt Buena, Ola Søviknes, John Rinddal, Magda Søviknes, Brita Søvik, Hildur Selbuvik og Marie Nordvik

Bønes las so to stykkjer. Det eine var um tobakken, og me fekk høyra kva gagn og nytta ein hadde av den. Det andre var eit stykkje fra ekstraskatten si tid, og var skrevet av Nils Tveit

Det var so folkevise leik ei stund, og tilslutt fekk me lara fleire songar av Bønes. Magda Søviknes og Bergit Buena skulde våka etter møtet. Me slutta då møtet med songen „Å leva det er å elska."

Kari Kalvatra
Skrivar

✓

Sundag 3 april hadde Lysefjordens Ungdomslag vanlegt möte som stod til i 9 tidi med songen „Tiderne bygde".

Referat frå fyrre möte vart oplese og godteke utan merknad.

Kassastyraren gav melding um at innkoma av spelstykkje var kr. 23,21, og på marknaden kr. 266,75

Os samskipnad möte skulde iår haldast på Nore neset, og Bönes hadde fått beskjed um og möta som formann; men han hadde ikkje kan var utsending, då han ikkje var med i styre; men då ein såg etter i referatet frå årsmötet, viste det seg at han var varamann for Albrikt Söviknes, og han sa seg då viljug å vera med.

Husspursmålet vart so dryft og utreknings komiteen hadde no rekna ut kva huset vilde koma på, og det synte seg soleis: med bibliotek kr. 10.000
utan –"– –"– 9.000
forskjellen vart då –"– 1,000

Det skulde so stemmast yver om dei vilde ha med bibliotek eller utan, og det synte seg då at av dei 35 medlemar som var fram mött, var det berre ein som vilde ha utan bibliotek.

Formannen bad so um forslag til nemd, som skulde syta for pengelån, og desse vart fyreslegne: Nils Drange
Johannes Nordvik } og Bönes. Bönes la då fram at dei ingen ting kunde gjera fyrr dei hadde beskrivelsen

og teikningar i orden, då dette vilde vera ei god stytta når dei skulde forhandla med banken. Utreknings komiteen lova dei skulde verta ferdig snarast mogeleg.

Så fekk me höyra „Ljosglimt" av Rikhardt Buena, og han gav bladet til Marta Straumen. Songen „Kva me vil ungdoms flokk" vart songen, og Bönes las då eit morosamt stykke. Etter på vart det folkeviseleik, og Bönes hadde igjen eit morosamt stykkje og lesa som var skrevet av Arne Garborg. Rikhardt Buena hadde og eit stykkje som han las upp.

Formannen skulde syta fyrr og få to gjenter som skulde vaska etter möte. „Fred hviler over land og by" vart songen, og mötet slutta.

Kari Kalveka
Skrivar

Laurdagskvelden 23 april hadde Lysefjordens Ungdomslag vanlegt møte. Møte var sett til kl. 8½, men tok ikkje til fyr i halv ti tidi. Songen „Altid freidig når du går" vart sungen, og referate frå fyrre møte vart upplese og godteke. Formannen kom so med framlegg um 17de mai komite, og desse vart valde: Karina Søviknes, Hilda Drange, Bergit Büena, Kari Kalvatn og Magnhild Bakervik. Gutane er: Jon. Søviknes, Edvard Søviknes, Anfinn Nordvik, Johs. J. Nordvik, Johs. Sjøbø, Ingvald Nordstrøm. Lærar Bønes las so upp tvo stykke. Ungdomsvon: Arbeid og fest. av Einar Arne, og eit lite stykke som heitte „Tvo sjøar." Formannen sa so frå at han tudde at me laut byrja med programnemd att, for det synte seg at dei som vart valde til å hjelpa til med programmet so som til å lesa upp stykke og anna, ikkje gjorde det, og styret stod soleis upprådd mange gonger. Desse vart då vald til programnemd til neste møte: Agnes Sjøbø, Borghild Oma, Johs. Sjøbø og Rikard Büena. Det vart so stemt yver um dei vilde att siste møte skulde vera friluftsmøte, og det synte seg då at dei fleste det vilde. Lærar Bønes kom med framlegg um at møte burde vera på Lyshornet, og dette vart so vedteke. Songen „Suomis song" vart so sungen. Etter på hadde me folkeviseleik og turdansar. Lærer Bønes lærde oss so tonen frå 1 ny songen, og so song me attyver dei som han hev lært oss fyrr. Helga Drange og Karina Søviknes lova å vaska etter møte. Songen „Fred hviler over land og by" vart sungen, og møte slutta i 12 tidi.

For skrivaren

17 mai 1932 √

17 mai vart i år som vanleg högtida på Buena

Kl. 1 tok folk til å samlast i frå heile bygdi, både unge og gamle.

Alle som hadde hug å vera med i toget, stilla seg upp med hornmusikken i spissen, so borni og til slutt dei vaksne.

Etter salutt for dagen, sette hornmusikken i med fedrelands songen, og so bar det av stad til dei gamle Klosterruinerne. Bönes heldt so ei stutt tala der, og etter på spela musikken.

Det bar so att ende til Buena. Der hadde det no samla seg endå meir folk, og Bönes som heldt tala for dagen, heldt ei framifrå gild tala.

Sidan skifte det med musikk og ymse idrott, og mange var det som fekk premiar.

Festnemdi hadde teke på seg og selja mat og kaffi på Sjöbebakken heile etter middagen; men det var få som hadde mathug den dagen. Um kvelden gjekk dei i flokk og fylgje til Leirvågen, der var det dans til langt på natt.

Kari Kolvetra
Skrivar

Laurdagskvelden 17 September

hadde Lysefj.- Ungdomslag vanlig möte. Mötet var sett til kl. 9, men tok ikkje til fyre i 10 tidi. Songen: „Löft di hode du raske gutt." vart songen. Refferatet frå fyrre möte vart upplese og godteke. Formannen les so upp ei skriv frå Lysefj.- Musiklag um, att Musiklaget no var upplöyst og instrumenti stod til Ulagets disposion. Det var so lit diskusjon um kva ein skulde gjera med horni (instrumenti); men då det var helder få ungdomar framött, vart det vedteke og drygje med avgjersla til eit seinare möte.

Formannen orda so framfå um ein haustfest

Det vart vedteke ~~og~~ att den nemndi som vart vald, skulde laga til ein haustfest eller ein annan tilstelling. Desse var valde.

Magda Sörviknes. Olga Nordstraum. Solveig Spervik. Lilly Buena.

Rikhard. Buena. Erling Spervik Georg Sjölö Johs.- Sjölö.

Johanna Nordstraum les so Lagsblade. No gav det so til Jon Sörviknes.

Maria Nordvik og Olga Nordstraum lova å vatka. Det var so lit folkeviseleik men leiken gjekk tregt endå Johannes Sjöbaen spela

Songen: „No stuttnar dagen", vart sungen og möte slutta i halv 12 tidi.

for Skrivaren.
R. Buena.

✓

Laurdagskvelden 8de Oktober hadde Lysefj- Ungdomslag vanlegt möte. Möttet var sett til kl. 9 men tok ikkje til fyr i 10 tidi. Songen „Me reiser det som velt er"! vart songen. Formannen sagde so frå um at skrivaren og varamannen var vekkreist, so refferatet fekk vera til eit seinare möte.

Det vart so snakka um komite til haustfesten, og det vart slik at den nemndi som vart vald på siste möte skulde stella me festen.

Då Johs. Sjöbö og Georg Sjöbö ikkje var til stades, vart Jon Söviknes og Jon Riisdal valt som varamenn i fall dei fyrstnemndi ikkje vilde vera med, skulde dei vera i staden. Magda Söviknes sa då frå at ho kunde ikkje vera med, Borghild Oma lova då og vera med.

Edvard Söviknes Jon Söviknes Elina Bjoarvik Borghild B. Sövik skulde laga ha programet til neste möte.

Borghild B Sövik og Borghild Oma lova å vaska etter möte

So ~~fekk me~~ les Jon Söviknes Ljosglimt han gav bladet til Maria Nordvik. Det var so spursmålskasse. Til slutt vart Songen „Kjærlighet frå Gud" songen, og mötet slutta i 11 tidi.

for Skrivaren
R. Brena

Refferat frå haustfesten. ✓

Laurdag 22 Oktober. hadde Lysefjor Ungdomslag skipa til haustfest. Festen var sett til kl. 8 em, men tok ikkje til fyrr kl. 9. Veret var upyrelegt med storm og regn, men Ungdomen hadde alikevel funne vegen til Sjöböbakken. Festnemndi hadde denne gong gjort mykje gildt arbeid med å dekorera, so ein vart i feststemning straks ein kom inn. Kl. vel 9 opna formannen festen – med songen: „Målet hennar Mor". Lærar Skorpen fekk so ordet, og helt ei gild og interesant festtala.

So var det matøkt. Festnemndi serverte gamal Norsk middag – „Sodd", og det smakte framifrå. – Medan festlyden sat ved bordi. spela John Sjöbö eit par fele slåttar Etter matøkti fortalde lærar Skorpen nokre stubbar og las dikt. Programmet skiftte utetter kvelden, med upplesing av lærar Bönes. Song og musikk av Harald Sörst Det var ogso bra sving i leiken Vell 2 tiddi um natti fekk me kaffi med tebråd og boller til – altt dette smaka framifrå er utvarande åg forklja. So forsette festen med leik og dans utetter natti, og slutta pålag kl. 4

Festnemndi her all æra for tilstellingi.

for Skrivaren
R Buena

Sundagskvelden 13de nov. hadde Lysefjordens Ungdomslag møte på Sjöböbakken. Kl. 9 vart laget opna med songen „Hösten er komen." Møteboki vart upplesen og godteken utan merknad. Det vart ein livleg diskusjon angåande husspörsmålet. Då byggningskomiteen ikkje var frammöt, skulde det utsetjast til neste möte.

Formannen tala um eit spelstykke som me skulde syna fram i nyårshelgi. Me valde ein nemnd som skulde finna passande spelstykke. Jon Söviknes, Edvard Söviknes,
Martha Nordstrøm
Maria Nordvik vart valde. Maria Nordvik las Ljosglimt og gjevet det til Erling Sperrevik. Edvard Söviknes, Jon Söviknes og Elida Drange les upp kvar sine stykke. Nils Hollen, Nils E. Drange, Solveig Sperrevik og Lilly Boderne skulde syta for program til neste möte. Lina Bjørvik og Elida Drange lova å vaska.

Då det ikkje var andre lagsaker vart det leik. Möte slutta på lag kl. 11.

Erling Sperrevik
Skrivar.

V

Sundagskvelden den 9/1 hadde Lyref. Ungdomslag møte på Sjøbøbakken. Møte tok til i 9 tidi. Møteboki vart upplese og godteke utan merknad. Hovudprogrammet var husspørsmålet denne gongen og so. To mann i bygningsnemndi trekte seg tilbake, so nymenn må veljast. Det vart vald 6 spelarar til å syna fram spelstykket "Diktardilla." Alfred Sørvik Rikard Bodarne Erling Sperrevik Borghild Omna og Olga Straumen vart valde. Kristoffer K. Drange Martha Straumen som varamenn. Ein 'detnyfest komite vart vald. Desse vart valde! Olga Straumen Solveig Sperrevik. Amanda Sperrevik Maria Sørvik nes Anna, Drange. Elida Drange. John Rundedal, John Sørviknes Kristoffer J. Drange. Emil Drange.

Alida Sperrevik og Malena Rundedal skulde vaska etter. Erling Sperrevik las or Ljosglimt og gav det til Elida Drange. Då det ikkje var noko gama på programmet leika me ei stund.

Møte slutta pålag kl. 12.

Erling Sperrevik
skrivar.

Laurdagskvelden 3 des. hadde Lysefj. Ungdomslag eit ekstra møte på Sjøbø bakken. Det var hussporsmålet det gjaldt. Ei bygningsnemnd vart vart vald. Det vart vedteke at same nemndi skulde syta for pengelån. Albrikt Soviknes, Jon Soviknes, Nils M. Drange, Kristia N. Drange, Johs. Nordvik og Ola Bønes vart valde. Styret lova å senda ein skrivelse til Lysefj. Handelslag um ei gåva til Ungdomshuset. Det vart stemd med sedla (lappar) um dei vilde ha den bygningsnemndi som no var vald. Resultatet vart 92 ja og 8 nei. Borghild Sövik og Lina Soviknes skulde taska.

Då det ikkje var andre lagsaker, leika nokri stund. Møte slutta i 13 tidi.

Erling Bjørnevik
skrivar.

Årsmelding 1932.

Lysefj. Ungdomslag hev i 1932, havt 13 vanlege møte. 2 styremøte, eit spelstykke og 1 marknad.

På møti hev programmet skift millom føredrag, upplesning, ordskifte, og ymse anna. Laget hev utanum dei vanlege møti halde 3 festar. - Jolefrefest - 17 mai fest, og haustfest. Festtalar på jolefrefesten var lærar Løkling. 17 mai festen lærar Bønes, og på haustfesten lærar Skarpen. Ofs Samskipnad hadde i år møte på Vare-meset. Lærar Bønes var utsending her frå i staden for formannen, som på den tidi var burte frå laget. Nokon melding frå dette møte er ikkje komen med i referati. Vegsaki hev i år vore sers mykje handsama, og ein er no komen so langt, at ein får tru saki løyst. Når me ser på dei vanskjelege tilhøve i våre dagar, med dårleg tider, og meir slikt, so hev laget likevel havt eit godt arbeidsår. Laget hev i år på bankbøker: Kr 5361.60. - Måtte so 1933 ogso verta eit godt arbeidsår, med framhald i hug og samhald. So takk då alle for trufast arbeid i det gamle år, og vel møtt i det nye.

For skrivaren:
Albrikt Søviknes.

Årsmöte 1932

Sundagskvelden 11. desember hadde Lysefjorden ungdomslag årsmöte. Mötet vart opna med song nr. 50 Sangen hev dyrning". Möteboki frå fyrre möte vart lesi og godteki med ein merknad. Bönes heldt ein tale um Björnson. So vart rekneskapen ettersett og funnen rett. Albrikt Söviknes las (rek.) årsmelding for 1932. Han las ogso „Ljosglimt" for Ulla Drange. Bönes vart utnemnd til å ha bladet på joletrefesten.

Ein gjekk då yver til val av nytt styre: Albrikt Söviknes vart attvald som formann. Med i styret vart: Johannes Nordvik, Ola Bönes og Borghild Sövik. Varamenn: Nils Kollen, Edvard Söviknes og Maria Nordvik.

Til ettersynsmenn for rekneskapen vart vald: Nils M. Drange og Kristian Drange.

Hus- og vednemnd vart: Georg Sjöbö og Rikard Bunna.

Frileiknemnd: Alfred Sövik, Anfin Nyhaug og Kristian Drange.

Som utsending til Os samskipnad vart vald Nils M. Drange.

Anna Kalvetra og Maria Söviknes lova å vaska.

Erling Skervik,
skrivar.

Joletrefesten 1933.

Laurdag 14. januar hadde Lysefjorden ungdomslag joletrefest i Uradalen. Tidi var sett til kl. 8, men ho vart nærare 9 fyrr festen tok til.
So å segja alle ungdomane i bygdi var samla, men få av dei eldre.
Det var i år sers greidt med det at folk samla seg og gjekk kring tre i den eine stova, medan bordi stod duka i den andre.

Etter at songen „Fager er jordi" var sungen, opna lærar Bønes festen med ein kort tale, der han ynskte alle velkomne og godt år.

So vart ordet gjeve til skulestyrar Løkling, der ogso i år heldt festtalen. Hovudtanken i talen var den, at det er betre å gjeva enn å taka i mot, og med desse tankar i sind vona han at det nye året vilde verta til signing for alle.

Etter talen var det mat å få. Sidan utyver kvelden var det gang kring joletre. I pausane las Bønes upp, fyrst or „Ljosglimt", som denne gongen innheldt mykje godt, og seinare eit anna stykke.
Tilslutt vart det litt leik. Tai som vanleg spela musikklaget. Festen slutta i 12-tidi.

Borghild Lauvik
Skrivar.

Laurdag 4. febr. hadde L. U. vanleg møte som tok til i 9-tidi med songen „Sjå no er det dag og no er det tid."

Då det ingi lagssaker var, vart møteboki lesi og godteki. Etter at songen „Mål kunnar mor" var sungen, las Lasar Bønes „Ljosglimt" og nemnde ut Kari Kalvelid til bladstyrar på komande møte.

Albrikt Søviknes las so eit skriv frå Fedrelandslaget, der det bed um å få setja i gang eit studieskeid millom ungdomen i bygdi. Skeidet skulde leidast av sekretæren, hr. Berntsen eller ein annan utsending frå Fedrelandslaget. Fyremålet med eit slikt skeid skulde vera det at deltakarane kunde få øving i å snakka fyre seg t.d. i ordskifte, og til å halda små fyredrag. Det meldde seg so mange at skeidet kunde taka til. Det skulde vara 6-7 vikor frametter, ein kveld i vika frå ½9- kl 11.

Lasar Bønes fortalde so vidare um Bjørnson, og lova å halda fram på sumare møte. Det vart so leik ei stund frametter, og til slutt upplesing av Borghl. Søvik.

Til programnemnd til næste møte vart valde: Borghl. B. Søvik, Lilly Brenna, Jon Søviknes og Emil Drange. Vask skulde Petra og Ragnh. Søviknes syta for. Møtet slutta i ½1-tidi med den vanlege songen: „Fred hviler over land og by".

Borghl. Søvik.
- Skrivar -

Laurdag 4. febr. hadde L. U. vanleg møte som tok til i 7 tidi med songen „Sjå no er det dag."

Då det ingi lagssaker var, vart møteboki lesi og godteki. Etter at songen „Kjært hennar mor" var sungen, las Lærar Bønes „Ljosglimt" og nemnde ut Kari Kalvelia til bladstyrar på komande møte.

Lebr. Søiknes las so eit skriv frå Fedrelandslaget, der det bad um å få setja i gang eit studieskeid millom ungdomen i bygdi. Skeidet skulde leidast av sekretæren hr. Berntsen eller ein annan utsending frå Fedrelandslaget. Føremålet med eit slikt skeid skulde vera det at deltakarane kunde få høve til å setja seg inn i ymse aktuelle spursmål, og samstundes få øving i å ordleggja seg, både i ordskifte og til å halda små foredrag. Lærar Bønes meinte eit slikt skeid kunde vera bra, men på dei vilkår at ingen politisk agitasjon måtte gjera seg gjeldande. Det melde seg då so mange at skeidet kunde taka til. Det skulde vara 6-7 vekor frametter, ein kveld i vika frå ½ 9 - 11.

Lærar Bønes heldt so vidare fram i foredraget sitt um Bjørnson og lova å gå vidare på seinare møte. Det vart so leik ei stund frametter, og til slutt upplesing av Borghv. Søvik.

Til programnemnd til næste møte

vart valde: Borgh. B. Sövik, Lilly Rüena, Jon Söviknes og Emil Drange. Petra og Magda Söviknes skulde vaska.
Möte slutta i ½ 1 kl. med den vanlege songen: "Fred hviler over land og by".

Borgh. Sövik,
skrivar

Sundag 19. februar hadde L. U. vanleg möte.
Upprit frå fyrre möte vart lese og godteke utan merknad.

Formannen bar fram ei takk til ungdomslaget frå Johannes K. Drange for kransen og slöyfa på Kristina Drange si båra.

Av lagssaker kan nemnast. Formannen sa frå at der no måtte gjerast noko for å få i gang spelstykke. Då spelarane som var valde på möte 27. novbr. 1932, ingenting har gjort og bökene er kjöpte, måtte der no velgjast nye spelarar. Av dei gamle stod att berre Olga Nordstraum. Dei nye som vart valde er: Marie Nordvik, Jon Asphaug, Georg Sjöbö og Albrikt Söviknes. Varamenn: Martha Nordstraum og Georg Drange.

Rikard Rüena kom med framlegg um at basaren åt ungdomslaget som årvisst har vore i påskehelgi, no burde utsetjast til i sumarferien, då ein måtte rekna med å vitjing av byfolk, og soleis få inn meir pengar. Det vart ordskifte um dette Dei fleste meinte ein kunde ikkje gjera rekning med so mykje tilstelning av byfolk, då slike lag som desse siste åri har vore utlodda, ikkje kunde interessera byfolk so mykje. Ved avrøysting synte det seg at fleirtalet heldt på den gamle ordningi med basar i påskehelgi. Det var og umsnakka at dersom det vart byggjing av, so kunde det kanskje la seg gjera å få ein ny basar igang utpå sumaren eingong, men noko vedtak vart ikkje gjort.

So vart „Ljosglimt" lese av Kari [illegible]. Bladet til komande møte vart Einar [illegible].

Etter ei lita stund kvil, var det hus-spursmålet som skulde drøftast. Formannen kom med melding um at laget hadde i gåva frå Lysefjordens handelslag fått 1000.- kr men på dei vilkår at huset skulde byggjast med kjellar. Då det endå er dei i laget som held på dei gamle vedtaki å byggja utan, vart det ei lang stund ordskifte um dette. Tilslutt vart det gjort vedtak um at byggjenemndi skulde leggja dei endelege teikningane og utrekningane fram for laget, og sjå kor mykje dyrare det vilde verta enn det gamle. Dei skulde då ikkje gå til nye utrekningar etter dei gamle teikningane ogso, men berre prosentvis rekna frå tilslaget i materialprisane. - Nils Sv. Drange sa frå at dersom byggjenemndi no skulde til med nye utrekningar, vilde han gå i frå. Han hadde ikkje tid, og hadde dessutan vore med tvo gonger før. Det vart då, i tilfelle han ikkje kunde vera med, valt tvo varamenn, Tormod Drange for Nils Sv. Dr. og Johs. H. Nordvik for Johs. J. Nordvik. ~~som skulde vera med~~ Program til næste møte skulde styret sytta for. Til å vaska vart valde Marta Nordstraum og Hildur Salbuvik.

Møte slutta i halveitt-tidi.

Borghi. Søvik,
skrivar.

Sundag 5. mars hadde Lysefjordens ungdomslag vanleg møte som tok til med songen „Sjå no er dit dag".

Referat frå fyrre møte vart lese og godteke utan merknad. Det var denne gongen ikkje noko sers lagssaker fyre. Harald Søvik las morostubbar og song nokre visor. Det vart so spursmålskasse, med mange morosame spursmål og svar. Programnemnd til næste møte var: Solveig Spirvik, Marta Nordstraum, Albrekt Søviknes og Nils Kollen. Tilslutt var det litt leik, og møtet slutta i 12-tidi.

Borghild Søvik.
Skrivar

Laurdag 25. mars hadde L. U. vanleg möte. Det tok til i 9 tidi med songen: „Vi er en liten, men livsglad flokk"

Uppskrift frå fyrre möte vart lese og godteke utan merknad.
Det vart so gått yver til val av marknadsnemnd. Det var framme tvo forslag, og desse vart valde:

Jon Söviknes Alida Spirevik
Edvard Söviknes Maria Drange
Kristian Drange Maria Söviknes
Ole J. Drange Borghild Sövik.

Til å vaska vart valde Maria Drange og Lina Bjorvik
Programnemnd til komande möte vart: Georg Sjöbö, Nils Kollen, Solveig Spirevik og Kari Kalvatrö.

Einar Drange las so „Ljosglimt" og gav Lilly Büena bladet til komande möte. For at bladet heretter skulde verta meir innhaldsrikt, vart det gjort vedtak um å velja 4 medarbeidarar, som anten sjölv skulde vera nöydd å dikta eit stykke, eller ogso finna ditet eller stykke frå andre blad, då det no gong etter gong hev synt seg at bladet hev kome tomt til möte. Dei 4 som vart valde er: Rikard Büena, Nils Kollen, Maria Drange og Malene Rindedal.

Det vart so ordskifte um kva ein skulde gjera med tribunen. Sume meinte han måtte fjernast

og ikkje stå der som eit fugleskræmsel, andre meinte han måtte setjast i stand, so han kunde brukast i sumar. Formannen sa frå at av laget vart det ikkje gjeve pengelöyve til istandsetjing. Og fyrst og framst måtte ein spyrja grunneigarane anten han kunde få lov å stå der lenger eller ei. Saki vart utsett til sumaren.

Albrikt Söviknes las so eit godt stykke. Til slutt vart det leik ei stund. Mötet slutta i 12-tidi.

Borghi. Sövik,
Skrivar.

Tirsdag 4. april hadde Lysefjordens ungdomslag ekstramöte til drøfting av husspursmålet. Formannen i byggjenemndi, Ola Bönes, mötte ikkje, og Jon Söviknes las upp beskrivelsane til det nye huset og forklarde teikningane. Byggjenemndi medrekna var det frammött 33 lagslemer.

Nils Kr. Drange kom med framlegg um at både dei nye og dei gamle teikningane vart sett ut til anbud. Han meinte då at ein nögje fikk greide på kva kvart av husi vilde koma på. Og dersom det synte seg at det nye vart for dyrt, kunde ein då ha ferdigt det gamle ogso. Jon Söviknes med fleire var i mot

dette, og meinte det var uturvande å setja dei gamle teikningane ut til anbud, då dei aller fleste vil at huset skal byggjast etter dei nye. Det vart so avröysting um berre ein eller båe teikningane skulde ut, og kvart framlegg fekk 16 röyster. Sidan synte det seg at ikkje alle av deim som hadde röysta hadde betalt årspengar, og dei hadde soleis ingen röysterett. Det vart då uppattröysting. Og framlegget åt Jon Söviknes at berre eine teikningi skulde ut til anbud, vann med 11 mot 7 röyster. - Men då det enno ikkje var heilt sikkert at alle var for den nye teikningi, laut det no röystast yver kva for ei som skulde ut. Utfallet vart då at 15 röysta for den nye, ingen for den gamle.

Det vart so dryft anten grunnarbeidet og tömmerarbeidet skulde setjast til anbud kvar for seg eller under eitt. Albrikt Söviknes meinte det var ikkje so mange som på ståande fot kunde vita kva som vart det beste, han kom difor med framlegg um laget vilde leggja dette spursmålet i hendene på byggjenemndi. 12 röysta for at byggjenemndi fekk fullt mandat til å avgjera dette. —

Etterpå vart vegespursmålet umrødda. Det var ei gjevi sak at det måtte byggjast veg uppåt huset. Og nokre meinte at sopass måtte ungdomane sjölv greida, og nokre dagar kunde einnokon kvar avsjå til arbeidet. Jon Söviknes sa frå at han med ein gong skulde teikna seg for 8 dagar. 4 stykke fylgde hans eksempel: Nils E. Drange, Edvard og Ole Söviknes og Emil Drange. Arbeidet skulde dei byrja på straks!

Borghild Sövik.
skrivar.

Laurdag 6. mai hadde L. U. vanleg möte. Det tok til 10-tidi med song av. 4/30: „Når dei blömande vollane angar".

Uppsit frå möte 25 mars og frå ekstramöte 4. april vart lesne og godkjende utan merknad.

Det vart so vald 17. maikomite. 3 forslag var framme, og desse vart valde:

Borghv. B. Sövik
Lina Bjørvik
Elida Drange
Anna Kalvetrå
Ole Söviknes
Ola Bönes
Ole Djupevik
Emil Drange.

Etterpå vart det snakka um vegen som måtte byggjast upp til ungdomshusgrunnen för det andre arbeidet tok til. Det var berre 18 av lagslemene mött fram, men det vart likevel vedteke at vegen skulde utstikkast dagen etter, og eit arbeidslag taka til ~~att~~ snarast råd var, seinare laut ein etter kvart få tak i fleire.
Jon Söviknes sa frå at han med dei åtte dagane han hadde meldt seg til veg-

arbeidet, hadde meint ei vika - 6 arbeidsdagar.

Næste møte vart sett til sundag den 21. mai, og det skulde vera friluftsmøte. Det vart vedteke at dersom veret vart godt, skulde laget då ta turen på Lysehornet. Ein skulde starta frå Bruna kl. 8 sundagsmorgonen. Til programnemnd til dette møte vart vald Harald Søvik, Rikard Bruna, Hildur Solbuvik, Helga Sjervik og Borghl. Søvik. - Det vart med det same vald vaskarar etter dette møte. Det var Anna Kalvatsd og Halma Rusdal.

Form. upplyste at nettoinnkoma av marknaden var 269,75 kr.

Han las so eit skriv frå studieleidar Berntsen, der han takka for sist og minte um at det på siste studiemøte var drøfta å skipa ein serleg ungd. fylking på Lysekloster i tilslutning til Fedrelandslaget. Dette gjekk ikkje igjenom, men hr. Berntsen hadde likevel fått den forståing at det var godtung for det at studielemene beinvegs vilde stå tilmeldt Fedrelandslaget. Dei som stydja denne tanken, skulde melda seg til Albr. Søviknes. Alb. Søviknes meinte dette var ei misforståing, for dette vart mest som å skipa eit nytt lag likevel. Han for sin del var i mot dette, men han hadde ikkje noko i mot at studiearbeidet tok til att frå hausten på same vilkår som før, til upplysning for ungdomen. Og dei som vilde vera med på dette, kunde melda seg.

Då Lilly Buena ikkji hadde mött fram, vart „Ljosglimt" lese av Albr. Sövikmo. Harald Sövik og Rikard Buena skulde vera bladstyrarar på Lyshornfuren.

Möte slutta med song nr. 281: „No er det plantefest".

Borghl. Sövik
Skrivar.

17. mai 1933.

17. mai vart i år högtida som vanleg. Folk samla seg på Buena etter middag. Dei som vilde gå med i toget, stelte seg upp, og etter salutt for dagen, stemde musikken i med fedrelandssongen, og so bar det i veg til ein fotvandring nordover til Nordvik. Då toget kom attende til Buena, var mykje folk mött fram, både unge og gamle. Tala for dagen vart halden av lærar Bönes. Etterpå vart det kappspringing og ymse anna både for born og vaksne og stor premieutdeling til slutt. Imillom spela musikken. Festen var hjå Daniel Sövik, og folk fekk hyggja seg etter beste evne på den måten dei lika best.

Borghild Sövik
Skrivar.

Annan pinsedag hadde L. U. friluftsmøte på Lyshornet. Dette var siste møte fyre sumarferien. Klokka 2 samlast dei som vilde vera med ved forsamlingshuset. Det vart ikkje so mange som ein hadde tenkt, berre vel 30. Truleg var det hiten dei kvidde seg med. — Med musikken i brodden rusla so fylgjet av stad, med kaffikjelar og nistesekker og godt humør. Det vart eit fola sveittetak å koma uppe, men det vart snart gløymt, for der uppe var friskt og svalt. Etter ein liten pust medan alle nytte utsynet yver fjord og fjell, spela musikken „Ja, vi elsker dette landet" og fleire fedrelandssongar. — So vart kjelen svinga yver. [illegible] spela upp, og etter fotalaget å døma, hadde visst ingen noko mein av uppmarsjen. Kaffien smaka reint framifrå, og matingi var glimrande, det vart filming i alle fasongar og frå alle sidor. Rikard Buena las „Ljosglimt", og Harald Åvik las fleire morosame stykk av Jakob Sande, og song visor og songar. Etter matøkta spela musikken upp til marsj, ja endå til vals fikk dei til heilt i takt den dagen. Og time etter time gikk, berre i moro og gaman. Soli seig i vest, fjorden utfyre låg blank som ein spegel. Heile flokken samla seg og såg utyver, og medan musikken spela fedrelandssongen, song heile lagit med. So bar det på nedattveg, det gjekk noko lettare då. I Kloster kom ein flokk ungdomar og tok i mot oss, og so bar det ned, song og musikk nedyver vegen. Og alle var samde um at maken til god tur hadde ingen vore med på.

Borghild Sövik.
Skrivar.

Laurdagskvelden 27. mai hadde L. U. møte. Det tok til i 10-tidi med song nr. 87. "No livnar det i lundar." Møteboki vart lesi og godteki utan merknad.

Dette møte var samankalla til drøfting av husspursmålet, og ordet vart gjeve til Ivar Bönes som er formann i byggjenemndi.
Han las fyrst gjenom alle anbod, i alt var det kome 9. Nokre av desse var ufullstendige, so dei vart ikkje tekne umsyn til.
Billigaste anbodet var frå Ola Lothe. på 11400,- kr. Deretter kom anbodet frå Hans og Konrad Lepsöy på 11825,- kr, med boga tak. Anbodet frå Nils Økland, Kommunekaiet, var ufullstendigt, likeins frå Vilh. Engelsen, Naustholla og Samson Björnsett. Dyraste anbodet var gjeve av Ådland og Sorbland Leirvik, på 12.590,- kr., av dette fall 7990,- kr. på trearb. og 4600,- kr. på steinarb. - Frå bygdi var kome tvo anbod, frå Jon Asphaug og Andreas Sövik

Desse tvo anbodi var heilt like, på 11900,- kr. og 12000,- kr. med hoga tak.

Då alt var gjenomlese, vart ordet gjeve fritt. Laget var samd i det at arbeidet vart gjeve til bygdefolk, då skilnaden millom deira anbod og det billegaste var so liten.

So vart pengespursmålet drøft. Fyrr ein hadde alt greit med lånet, kunde det ikkje takast noko avgjerd um kven som skulde få arbeidet. Bones og Jon Espelang hadde vore i Os privatbank og høyrt kva vilkår dei vilde låna på. Men fyrr dei kunde gjeva sikkert svar um laget kunde få låna berre mot pant i huset, måtte styret i banken ha møte. Elles vilde dei ha kausjonistar attåt. Sikkert svar skulde laget få laurdagen etter. Det vart samrøystes vedteke at laget måtte låna 6000,- kr. Ein liten kapital måtte laget ha i bakhand, um ikkje huset kom til å kosta noko yver 12000,- kr. Før medrekna dei 1000,- kr. laget fekk av Lysefj. Handelslag har det no 6800,- kr.

Det vart so spursmål um heile laget eller berre byggjenemndi skulde avgjera kven som skulde få byggjearbeidet. Det vart røysta med lappar um dette, og utfallet vart med 14 mot 7 røyster at nemndi skulde ha avgjerdsla. Men då det er 6 mann i byggjenemndi, kunde det hendast at det vart 3 mot 3 röyster. Skulde det då gjerast slik at form. i byggjenemndi skulde ha 2 röyster, eller skulde det veljast ein ny mann med i byggjenemndi? Laget röysta yver dette, med det resultat at ingen ny mann skulde veljast, formannen skulde ha tvo röyster. — Men no er det slik at fleire av dei som sit i byggjenemndi er so nær i slekt med dei som har gjeve anbod, at dei har ikkje lov å röysta. Det vart difor gjort framlegg um at det vart vald ein varamann for kvar av dei som er med i nemndi. Fyrst er valde tvo varamenn: Johs. H. Nordvik for Johs. J. Nordvik, og Tormod Drange for Nils M. Drange. So vart Nikolai Sövik vald for Kristian Drange, Ola Djupevik for Ola Bönes, Kristoffer Drange for Jon Söviknes og Ola Söviknes for Albrikt Söviknes.

Det vart til slutt snakka noko um arbeidet med vegen og arbeidet med å flytta dei gamle grunnsteinane lenger ned og leggja dei til rettes. Kvar som vilde av gutane i laget kunde melda seg til dette arbeidet. — Mötet slutta i ½ 1-tidi.

Borgh. Sövik
Skrivar.

Laurdag 11. august hadde L. U. møte. Grunnen til at møte vart samankalla då var at formannen hadde sett ut veg uppi og planering rundt ungdomshuset til anbod. Anbodi skulde vore inne til 11. august, men ingi var komne.
Ordet vart so gjeve fritt. Albrikt Søviknes heldt fram at det var sopass mange gutar i laget at det måtte sleppa å leggja ut so mykje pengar til dette arbeidet. Etter uttale av fagfolk hadde han høyrt gjete at det vilde koma på eit lite tusund kronor, og berre muren aleine ca 400.- kr. og det meinte han var for mykje.
Jon Asphaug med fleire meinte det var nok deim som vilde arbeida gratis på dette arbeidet, men at det var best å venta til grunnarbeidet var ferdigt, so det ikkje vart noko kjekl um steinen. U-laget skal ha rett på all den hogne steinen, som det var alt teke mykje av han. Jon Asphaug vart pålagt av laget å beda um erstatning for alle plankar grunnarb. hadde øydelagt for laget.

Formannen las so eit Skriv frå Vestlandske Skytestemna, underskrift Jon Søftelandt, Der stod melding um at 19. og 20. aug. vart det stor Skytestemna på Ulven, der heile Hordaland, Sogn og Fjordane skulde tevlast. Han bed laget um ein gåvepremi, men då laget nett no er uppi bygging, vart det vedteke å senda det svaret at laget hadde ikkje høve.
Med umsyn til ljos i ungdomshuset

vart det vedteke at formannen skulde senda søknad til Os elektrisitetsverk. Men fyrst skulde han samsnakka med Nils Sövik, då det vart billigare um fleire var saman. Det vart ogso vedteke å å undersökja korleis uppsegjingstermine for forsamlingshuset var.

Tilslutt vedtok um å få nye lagskort, då det var slutt på dei gamle, og mange som hadde betalt ikkje hadde fått. Kari Kvevatra og Borghild Sövik skulde vaska. Mötet slutta klokka 11.

Borghild Sövik.
Skrivar.

Sundag 27. august 1933 hadde Lysefjordens ungdomslag umframt årsmöte.

Mötet vart opna med song nr. 531: „Tyttebaret uppå tuva".

Formannen i byggjenemndi, Lars Bönes, ynskte lyden velkomen. So las skrivaren möteboki, som vart godkjend utan merknad.

Dermed gjekk ein yver til saklista. 1 sak var at årsmötet måtte gjeva styret fullmakt til å skriva på ~~vekselen~~ panteobligasjonen for lånet som ungdomslaget hev fenge lov på i Fana Sparebank.

Etter nokre merknader vart dette framlegget samröystes vedteke:
Lysefjordens ungdomslag, samla til umframt årsmöte, gjev med dette styret

for ungdomslaget – Albrikt Söviknes, formann, Ola Bönes, nestformann, Johs. J. Nordvik, kasserar, Borghild Sövik, skrivar, (varamenn: Nils Kollen, Edvard Söviknes og Maria Nordvik.) – fullmakt til å skriva på panteobligasjonen ~~vekslen~~ for lånet – upp til 6000,00 kr – seks tusund kronar – som laget hev fenge lovnad på i Fana sparebank, og som skal brukast til byggjingi av ungdomshuset.

Andre saker var ikkje fyre på dette mötet, då dei vanlege möti ikkje hev teke til enno. Men det vart vedteke at styret skulde ha möte og fastsetja tidi og elles ha bladet og heile programmet til fyrste vanlege möte.

Mötet slutta med song nr. 329: „Fred hviler over land og by."

Borghild Sövik,
skrivar.

Styremöte.

Sundag 15. oktober hadde styret for L. U. möte på Sjöböbakken. Det vart på dette mötet vedteke å samla ungdomslaget til möte komande sundag, den 22. oktober, kl. 8 um kvelden.

Program til dette möte skulde styret ta på seg. Lars Bönes skulde styra mötet, og lova å fortelja um Per Sivle. Nils Kollen skulde ha „Ljosglimt", og Borghl. Sövik lesa upp.

Styret valde 3 stk. som skulde

taka ut spelstykke og spelarar til innvigjingsfesten, og ha dette ferdig til fyrste möte. Valde vart: Hans Rasmussen, Rikard Kuena og Borgh. Sövik. Styret laga også ut framlegg til festnemnd.

Styret var samde um at det no måtte koma meir fart i lagsarbeidet, og det vart vedteke å spyrja lærar Gjersvik um å byrja med eit songkor, og lærar Björö til å byrja med idrottslag for gutar.

Kring ungdomshuset ser ikkje noko vidare ut, og styret vedtok å endå ein gong ha fyre i laget um nokon vilde melda seg til å gjera dagsverk. På mötet skulde også havast fyre um gjentone vilde byrja med syslag att, so det kunde verta ein liten utlodning fyre jol.

Borgh. Sövik,
Skrivar.

Sundag 22. oktober hadde L. U. fyrste vanlege haustmöte. Det tok i kl. 8 med song nr. 516. Federne bygdi. Lærar Bönes som styrde mötet, ynskte lyden velkomen. Likeeins ynskte han lærar Gjersvik velkomen til bygdi og til laget. Möteboki vart lesi og godteki utan merknad.

Det vart so vald programnemnd til komande möte, som vart sett til sundag um 14 dagar. Desse vart valde: Olga Nordstraum, Borgh. B. Sövik, Jon Rindedal og Nikolai Gjersvik.

Til å vaska vart valde Lilly Buena og Laura Bakarvik

Det vart so gått yver til val av festnemnd til innvigjingsfesten, 8 gjentor og 8 gutar. Etter framlegg frå styret vart desse valde:

Brita Sövik +
Borgh. A. Sövik
Maria Söviknes
Anna P. Drange
Hilda L. Drange +
Maria Nordvik +
Olga Nordstraum +
Lilly Buena

Nils M. Drange
Anfinn Nyhaug
Kristian A. Drange
Hans Rasmussen
Lars B. Sövik
Edvard Sövikenes
Ole Djupevik
Ola Bönes

Styret hadde på möte den 15. okt. valt ei nemnd som skulde finna spelstykke og spelarar til innvigjingsfesten. Dei som var med i denne nemndi var Rikard Buena, Hans Rasmussen og Borghild Sövik. Desse hadde funne ut stykke og teke ut spelarar ogso, men då sume av desse ikkje kunde vera med, vart desse valde: Hans Rasmussen, Ola J. Drange, Georg Drange, Jon Nyhaug, Laura Bakarvik, Margit Bakarvik, Brita Sövik og Olga Nordstraum.

Det vart so tala um skiping av songlag. Etter spurnad frå styret hadde lærar Gjersvik lova å byrja. Han takka for velkomstordi, og sa han var viljug til å skipa songlaget. Dei av laget som vilde vera med, reiste seg, og det vart vedteke å ha fyrste övingi torsdagskvelden i skulehuskjellaren.

Gjentone vart einige um å byrja eit sylag snarast råd var, og få i stand ein liten utlodning fyre jol. Inntekti skulde

gå til gardinor for ungdomshuset, og um det vart meir til overs, til seneteppe.

Det vart so vald ei nemnd som skulde syta for at arbeidet med å fjelga kring ungd.huset vart byrja på snarast. Desse vart valde: Johannes Sjøbø, Kristoffer Drange, Justin Sylhaug og Hans J. Lein.
Etter framlegg frå møtestyraren skulde desse laga listor og gå rundt med, so det var høve både for unge og eldre å (vera med) teikna dagsverk.

Det var kome skriv frå Os elektrisitetsverk at arbeidet med å reisa stolpar og trekkja lina til ungd.huset vilde koma på 200.- kr. Det var so dyrt at det vart vanskeleg for laget å greida alt, og møtet meinte det måtte vera råd med at nokre av dei som teikna dagsverk også kunde vera med på dette arbeidet, so det vart billegare for laget.

Ei nemnd på 5 stk. vart vald til å arbeida med at seneteppet vart ferdig til rett tid. Dei var: Ola Bønes, Ole Djupevik, Olav Larsen, Marie Søviknes og Borgh. Søvik.

Martin Drange upplyste på spurnad frå styret til lærar Björö um å byrja med eit idrottslag i bygdi, at lær. Björö var viljug til dette. Øvingane skulde gå fyre seg på skuleplanen sundagsettermiddagane, når veret var til det.

Det var også på tale å spyrja Harald Søvik um han vilde koma og freista øva inn ein leikarring til innvigjingsfesten.

Lagsakene var so slutt, og lyden song nr. 596 „Dei vil alltid klaga og kyta".

Nils Kollen las „Ljosglimt", og nemndi ut Maria Gjupevik til å ha bladet på komande möte. Song nr 447 „Ja, no er det dag" vart sungen, og Borgh. Sövik las upp eit stykke av Kristoffer Janson „På fjellet millom fantar". Etterpå vart sunge „Den fyrste song", og Lasar Rönes fortalde um Per Sivle.

Mötet slutta i ½12 tidi med den vanlege songen „Fred hviler over land og by".

Borgh. Sövik,
skrivar.

Lysefjordens ungdomslag hadde vanleg möte sundag 5. novbr. Mötet vart opna med song nr. 265 „Fagert er landet du oss gav".

Lasar Rönes som var mötestyrar, kom med utgreiding frå nemndi som skulde fara rundt med listor og få dagsverk til planeringsarbeidet, at di i alt hadde fått 107 dagsverk og 73.- kr. i pengar. Nemndi var samde um å få ein leidar til dette arbeidet. Lars J. Sövik var viljug til å leida arbeidet i 14 dagar for 50.- kr., og fyrste arbeidslag skulde byrja fyrste tysdag.

Rönes kom ogso med svar frå Ljosstyret at laget kunde få gjera både stolpar og gjera dagsverk med reisingi. Det vilde då ikkje kosta laget yver 125.- kr. å få ljos i huset.

Det vart so vald programnemnd til komande möte. Disse vart valde:

Johanna, Helga, Emil og Einar Drange
Anna Drange og Maria Söviknes lova å vaska.
Etter song nr. 275, „Som Vesterhavet det driv mot strand" var sungen, las Maria Djupevik „Ljosglimt", og nemnde ut Ola Söviknes til å ha bladet næste gong.
Til bladstyrar på innvigjingsfesten vart vald Borgh. Sövik, og til sufflör vart vald Maria Djupevik.
Då 4 av gutane som var valde i festnemndi ikkje hadde höve å vera med, vart desse valde i staden:
Hildur Salbuvik, Gunna Drange,
Borgh. Kalvatra, Elida Drange.
Næste möte vart sett um 14 dagar (12)
Det vart til slutt öving i folkeviseleik.

Borgh. Sövik,
Skrivar.

Sundag 19. november hadde L. U. vanleg möte. Det tok til kl. 8 med song nr. 447: „Sjå no er det dag". Lorar Rönes styrde mötet og ynskte lyden velkomen. Möteboki vart lesi og godteki med ein merknad.

Til programnemnd til komande möte vart valde: Hans Rasmussen, Edv. Söviknes, Maria Söviknes og Heida Spirvik. Til å vaska vart valde Hildur Salbuvik og Frida Spirvik.

Det var fråsegn frå Seneteppenemndi at teppet no skulde kjöpast. Til litt pengistudnad til dette var det på laget tillodda ein liten duk og ut

fruktfat med frukt.

Det vart so ordskifte um kven som skulde gå fritt på innvigingsfesten. Etter at fleire hadde uttala seg, vart det samröystes vedteke at alle som no arbeider i laget, skulde betala, undåtil festnemndi og skodespelarane. Likeins vart det röysta for at festnemndi skulde ha rett til å avgjera kven som skulde innbedast, det vart t.d. nemnt dei gamle lagsformennene.

Næste møte vart sett til um 14 dagar. Og for etterliti vart det påbode at dei som var valde i programnemndi, skulde ha plikt på seg å ha varmt hus til møtet byrja. Nr. 600 „Du Sundagskveld" vart sungen, og Ole Sövikenes las „Ljosglimt". Han nemnde ut Heida Spjeravik til å ha bladet på næste møte. Det vart so sunge: ~~„Du e~~ nr. 446: „Me heiser vårt flagg", og etterpå las Nils Kollen eit morosamt stykke og eit dikt. Etter det vart sunge nr. 504: „Det dagast i Noreg". Til slutt var det leik. I ein pause vart frukti og fatet utlodda, duken skulde vera til næste møte. Møtet slutta i 12-tidi.

Borgh. Sövik,
skrivar.

Sundag 3. desember hadde L. U. vanleg møte, som tok til med song nr. 489: „Kva me vil, ungdomsflokk?"

Møteboki vart lesi og godteki utan merknad. Til å vaska etter møtet vart valde Ingvarda Krimming og Borgh. B. Lövik. Næste møte skulde vera årsmøte, og vart sett til sundag um 14 dagar. Dette møtet skulde haldast i det nye huset. Til programnemnd til dette møtet vart valde: Anna og Maria Drange, Nils E. Drange og Alf. Bjørvik.

Rönus nemnde eit skriv frå Rikstrygdeverket. Det var til byggjenemndi og skulde utfyllast. Dette brevet var skrive på bokmål, og då det er lov at alle slike brev frå styremaktene skal vera skrivne på nynorsk, hadde Rönus sendt brevet attende med krav um å få det på nynorsk.

Ordet vart so gjeve fritt til dryfting av fribillettane på vigslefesten. Festnemndi hadde på fyrre møte fått rett til å avgjera kven som skulde gå fritt. Men då no nemndi ved sine vedtak likevel møtte so mykje mothør, og då heller ikkje alle i nemndi var samde, gjekk saki attende til avgjersla for heile laget.

Rönus kom med eit innlegg um at det var nedbrytande for eit lag til fyrst å vedta ein ting på eitt ~~lag~~ møte, og so vedta det motsette på næste møte. Nikolai Lövik kom med motframlegg til det som var gjort på fyrre møte.

Det vart röysta med setlar, og berre dei som hadde betalt lagspengar fekk lov å röysta. Dei som vilde halda fast på det gamle vedtaket, skulde skriva ja, og dei som heldt med Nikolai Sövik, skulde skriva nei. Utfallet vart 23 nei og 1 ja. Berre arkitekten og Nidthus og kona skulde innbydast, alle dei andre skulde betala.

Song nr. 314 vart sungen, og Astrid Spervik las „Ljosglimt". Ho nemnde ut Nils E. Drange til å ha bladet på årsmötet.

Etter ein song las lærar Gjervik fyrst eit morosamt stykke, og so eit stykke av „Kolbotnbrev". Ettepå vart sunge „Höie nord, frihets hjem".
Då dette var siste mötet på „Kalleen", sa lærar Kims nokre avskilsord, og fekk oss til å minnast mykje både av ålvor og gaman.

Til slutt var det leik. I ein pause vart kaffiduken utlodda og vunnen av Gunna A. Drange. I alt var kome inn 31,- kr.

Borgh. Sövik,
Skrivar.

Årsmelding 1933.

Lysefjorden ūngdomslag hev i 1933 havt 14 møte. Av desse er 9 vanlege møte, 3 ekstramøte til drøfting av hūsspūrsmålet, 1 friluftsmøte og 1 ūmframt årsmøte. Styret hev havt 2 møte. Laget hev i året havt 3 festar, synt fram 2 spelstykke og havt 1 marknad.

Talarar på festane hev vore skūlestyrar Løkling med 2 foredrag, folkehøgskulestyrar Birkeland med 1, og lærar Bønes med fleire foredrag.

Programmet på dei vanlege møti hev skift millom foredrag, ūpplesing, ordskifte, spūrsmålskasse, song og leik.

Frå midten av februar og ūtyver til påske heldt sekretær Kvinlem i Fedrelandslaget ūpplysningsskule. Ungd.laget heldt ljos og ved, og mange av lagslemene var med. Møti vart haldne ein gong for veka, og programmet på desse møti skifte millom foredrag, foredragsøvingar, ordskifte, handskrivi blad, ljosbilete og song. Skulen slutta med fest hjå Bertine Søvik.

(Men det som mest hev sett sitt stempel på arbeidet i)

Den 26. oktober skipa lærar Alfred Gjersvik etter spurnad frå laget songkor, og mannsparten av lagslemene er med.

Gjentone i laget hev skipa sylag, og det som vert arbeidt, skal gjevast til marknaden åt laget.

Men det som mest hev sett sitt stempel på arbeidet i laget dette året, er byggjingi av ungdomshuset. Grunnarbeidet tok til den 10. juli, og alt den 9. desember stod huset fikst ferdigt. Med dei 1000,- kr. laget fekk hjå Lysefjordens Handelslag, åtte det 6500,- kr. Resten 6000,- kr. fekk det låna i Fana Sparebank. Men då ein reknar at heile huset med planering og veg og utstyr inne kjem på umlag 14000,- kr. So er resten arbeid som er ytt av folk i bygdi, både unge og eldre, anten ved friviljuge dagverk eller ved beinveges pengehjelp. Laget hev no på bank-bok i Fana Sparebank 122,69 kr, og i kassa 155,38 kr. Laget hev no 36 lagslemer.

Til slutt ei takk til alle som hev vore med i det store lyftet i året som gjekk, og vel møtt til godt og trufast arbeid i året som kjem!

Borghild Svik,
Skrivar.

Lysefjorden Ungdomslag innvier sitt nye lokale „Ljosheim.

Lørdag blev Lysefjordens ungdomslokale «Ljosheim» innviet.

Innvielsesfesten hadde samlet fullt hus og man anslo antallet av fremmøtte til ca. 400. Fremmøtet vidner om at bygdefolket har hatt interesse for dette forsamlingslokalet som nu efter meget arbeide og strev står ferdig, fullt moderne på alle hold.

Huset er bygget og tegnet av folk fra bygden. Det er 19×8,85 meter. Salen er 10×8,50 og scenen 5×8,50. Spisesal i kjelleren er 10×8,50. Dessuten er der et stort og rummelig kjøkken. Gangen er praktisk innredet og gir en ekstra plass for garderobe.

Det er et stort arbeide som her er nedlagt av en forening som teller ca. 60 medlemmer. Det er et eksempel på at mengden har mindre å si når bare de få har den kraft og energi, som sikkerlig har vært tilstede her.

Festkomiteens formann, herr lærer Bones ønsket velkommen til festen og uttalte håp om at laget måtte klare sine forpliktelser og at det nye forsamlingslokale måtte bli til glede og gavn for bygden og ungdommen.

Lagets eget musikkorps spilte nogen musikkstykker.

Formannen gav derefter ordet til olkehøgskulestyrar Birkeland om holdt innvielsestalen.

Efter talen blev der gitt nogen angnummer til beste av foreningens get blandet kor under ledelse av ærer Gjersvik.

Der var senere på kvelden forkjellige taler, sang og musikk og til ntt litt lek for ungdommen som og på den måte fikk innvie sitt nye kale.

Lysefjordens Ungdomslag er stift 2. mars 1919. Det første styre r: Formann lærer Nils Midthus, zaformann Ingvald Søvik, kasser Nicolai Søvik og styremedlem ils Chr. Drange.

Laget drev ikke lenge før spørsmålet meldte sig om eget hus. I 1925 lev grunnmuren påbegynt. Den var rdig samme år og kostet 900 kr. østen 1931 blev der foreslått å ængsette bygget, men man fant ikke den inne til å bygge.

Våren 1933 blev atter husspørsmå tatt op. Huset koster som det nu r ca. 14,000 kr. Det er opført av ggmestrene Anders J. Søvik, Jon phaug, Nils K. Drange og Engel haug.

Byggekomiteen har vært Nils M. nge, Kristoffer Drange, Ole Sø- Johs. H. Nordvik og Albrigt nes.

Idere kan nevnes at laget fra hold har fått gaver. Bl. a. har skibsreder von Erpecom, Bergen gitt kr. 5000 til laget til en boksamling. Senere har han gitt kr. 700 til innkjøp av instrumenter til musikkforeningen. Laget skylder denne giver en stor takk og jeg er også sikker på medlemmene er stolte over at von Erpecom er deres nabo i Lysefjorden.

Flor.

Vigslefesten 9. desember 1933.

Laurdag 9. desember vart det halde vigslefest i det nye ungdomshuset „Ljosheim". Festen tok til kl. 7. Både unge og eldre frå bygdi var mött fram, likeeins mange framande, so der i alt var samla bortimot 400 menneskje. Lærar Bönes leidde festen.

Til å byrja med spela Lysefjorden musikklag „Gud signe Noregs land". Bönes baud so festlyden velkomen. Deretter sa Nils Teisland fram ein prolog han sjölv hadde laga til festen. Etterpå vart sunge „Gud signe vårt dyre fedraland", og ordet vart gjeve til folkehögskulestyrar [illegible] Birkeland, som heldt vigsletala. Etter tala vart sunge: „Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Det var so matnyt. Festnemndi hadde duka alle bord i matsalen, og kaffi og smörbröd smakte godt. Då det var so mykje folk, var det 3 bordsetnader, og dei fyrste kunde medan dei venta, få gå kring i huset og sjå seg um. Likeeins spela Georg og Johannes Sjöbö og Anfin Nyhaug

til tidarbrögte.

Folk samla seg atter i salen, og byggjenemndi gav so huset yver til ungdomslaget. Lövar Böre, som var formann i byggjenemndi, kom med ei utgreiding um laget sitt arbeid med byggjingi framgjenom. Formannen i ung.d.laget, Albrikt Söviknes, tok mot lyklane til huset, og takka på laget sine vegne. Nils Fieland hadde ogso dikta ein festsong, og 4 gutar og 4 gjentor song songen frå scena. — Songlaget song so 3 songar, dirigert av Lövar Gjersvik, og etterpå var det tale av skulestyrar A. Lökling. Musikklaget spela nokre stykke, og so bar det i matsalen att, der festnemndi no hadde sjokolade og fintbröd å bjoda på.

Etter maten var det song av songkoret att, og etterpå vart ordet gjeve fritt. Byggmeister Eimseid som har teikna huset, tok ordet, og fleire andre ogso. „Ljosglimt" vart lese av Borghild Sövik. Musikklaget spela litt att, og so vart spelstykke „I natt kjem det" av framsynt. Tilslutt vart det folkevise-leik, nokre turdansar og so litt runddans. Festen slutta i 5-tidi.

Borgh. Sövik,
Skrivar.

Årsmøte 1933.

x Sundag 17. desember hadde L.U. årsmøte i „Ljosheim". Møtet vart opna med songen: „Ve lit ama inn gaman og kjøta," og Bønes baud velkomen til møte i det nye huset. - Møteboki vart lesi og godteki utan merknad. Skrivaren las ogso „Ljosglimt", og etterpå vart sunge: „Kunnskap skal styra rike og land."

Då kassaren ikkje var komen, vart det til tidartøyte laga spursmålskasse og både spursmål og svar fekk låtten på glid. Skrivaren las so årsmeldingi for 1933. Etterpå las kassaren rekneskapen som vart godteken med nokre små merknader. - Nils K. Drange sa frå at L.U. hadde vunne fyrste aksje i vandrepokalen millom skyttarlagi i Os. Det var eit sylvfat, men skyttarlaget hadde denne gongen ikkje fått ingravert namni åt skyttarane på fatet, so dersom laget ynskte det, laut dei sjølv kosta det. Likeeins hadde laget her vunne tvo skeiar, som det innan laget skulde skytast um.

Ein gjekk so yver til val av nytt styre. Fyrst var det val på ny formann. Bønes fråsa seg attval. Det vart fyrst eit prøveval, og utfallet vart at Lars K. Søvik fekk mest røyster. Men då han ikkje stod skrivar i laget, nekta han. Dinast kom Lars Gjersvik, men då det var likeeins med han, og han dertil var ny i bygdi og hadde både song- og musikklaget, vilde han ikkje taka i mot. Etterpå kom Edvard Søvikhus. Ved det endelege valet vart utfallet på lag det same, og då dei tvo fyrste nekta,

vart Edvard Söviknes vald til formann.
Med i styret vart: Nils M. Drange,
Nils Kollen, og Borghild Sövik.
Varamenn: Jon Söviknes, Ole Djupevik,
og Brita Sövik.

Til eftersynsmenn for rekneskapen
vart valde: Kristian Drange og Nikolai
Sövik.

Utsendingar til Os samskipnad vart
Ola Bönes og Nils M. Drange.

Finansnemnd: Kristoffer Drange,
Lars B. Sövik og Ola Bönes.

Hus- og vedsnemnd: Ole Söviknes,
Hans Rasmussen, og Johs. K. Nordvik.
Bönes sa frå at denne nemndi hadde å
sjå etter at lovene for huset f vart haldne.
Det var enno ikkje laga noko lover, men
ei nemnd måtte veljast til å koma med
framlegg som skulde vedtakast av laget.
Med i denne nemndi vart: Ola Bönes,
Nils M. Drange, Kristian Drange, Borghild
Kalvatra, Maria Söviknes og Brita Sövik.

Juletrefesten vart sett til laurdag den 13. januar. Til festnemnd vart
valde: Borgh. B. Sövik, Alida Skervik,
Olga Nordstraum, Borgh. Bakarvik,
Ragnhild Bakarvik, Emmes Heggvik,
Erling Skervik, Nikolai Skervik,
Jon Asphaug, Jon Rindedal,
Nils E. Drange, Haldor Kollen.
Borgh. Sövik skulde ha „Ljosglimt".
Til slutt takka den gamle formannen
og den nye tok plassen. Han takka
Bönes for arbeidet i laget, og so slutta
møtet med den vanlege songen: „Fred hviler

over land og by."

Borgh. Sövik,
skrivar.

Joletrefesten 1934.

Laurdag 13. januar heldt L. U. joletrefest i „Ljosheim". Festen tok til i 8-tidi med song. Formannen, Edvard Söviknes ynskte lyden velkomen, og gav ordet yver til skulestyrar Lökling, som heldt festtala. Etter tala song songkoret 2 songar, og so bar det i matsalen, der bordi stod dukka til festmåltid.

Etter bordsete var det gong kring joletre. Lova Gjerevik og Nikolai Gjerevik byttest um å spela orgel til. I pausane var det underhald av ymse slag. Borghild Sövik las „Ljosglimt", og Lova Gjerevik las morosame stubbar, og fleire gonger laut songkoret fram. Mykje eldre folk var mött fram. Festen slutta i 2-tidi med at festlyden song fyrste og siste vers av „Gud signe vårt dyre fedreland".

Borghild Sövik,
skrivar.

Sundag 28 januar hadde. L. U. möte i „Ljosheim." Möte tok til i 9 tidi med songen. „Sole tro glader yver gamle året." Formanenn ynskte alle velkomne til möte. Möteboki vart uplesen og godteken utan merkna. Möteboki vart denne gongen uplesen av formanenn då skrivaren var burte. Av lagssaker var dette: Programnemd til neste möte vart vald. R. Buena. Jon. Rindedal. Lily Buna. Laura Bakarvik. Til å vaska vart vald: R. Buena. Jon. Bindedal. Lily Buena Alida. Sjurvik. Formannen les up eit skriv frå felespelar. Lauris. Hop. som skreiv um han kunde få låna huset til å halda konsert i. Dette vart dryfta på langet um han skulde få löyve eller ikkje. Det vart veteke at han skulde få låna huset förstkomande laurdag.

Formanen les ogso eit skriv frå ein malarmeister i Sogn, han utforde senedikorasjöner, malte seneteppe um laget skulde hava noko.

Dette vart lite dryfta då laget hadd seneteppe og forövrigt det dei trong av denslags. Det vart valgd ei nemd som skulde kjöpa 200 par kopar det dei kunde få dei biligaste: desse var

Ole. Djupevik Johanes Nordvik
Marie Söviknes Hildur Salbuvik.

Jon Söviknes las Ljosglimt og nemde Hildur Salbuvik skulde hava blade til nestegong. ~~Mot~~ Til slutt vart leik. Möte sluttar i 11 tidi.

Jon Söviknes
skrivar.

Laurdag 10 februar hadde L. U. möte som tok til i 9 tidi med songen „Ho er so gamal som verdi."
Referatet frå fyre möte vart uplesi og godteke. Programnemd til neste möte vart valgd: Nils Kollen. Alf. Bjoarvik Helga Drange og Elida Drange. R. Buena kom med framleg um at dei som hadde programe til neste möte, skulde vaska ~~og~~ Dette var so meint at for ettertidi skulde progrm og vaskenemd slåast i samen ellers vart det sor mange nemder då dei treng 2. gutar og 2 gjentor til å vaska. Det vart vald ei nemd som skulde taka ut eit spelstykke som laget vilde spela i påskehelgi: Desse vart valgt: Maria Drange Hildur Salbuvik Borghild. B. Sövik. Då det ikkje var andre lagssaker vart det godt yver til å dryfta dei nye låvene for L. U. Dei vart dryfta og brigda:
§1. Det skulde velgjast 4 mann i husnemdi i staden for no berre 3. det vart vedteke. §2 vart det set ? då den var noko uklår.
§3. vart det ogso set ? då dei meinte at husleiga motte stå frit for laget til å bestema eller ei nemd ~~av~~ so

som finansnemdi.

§4.

Rusdrykken var enstemig vedteke at det ikkje skulde stå noko um i låvene. Men berusa folk måtte visast ut.

§5.

Istaden for å forby sputing skulde laget kjöpa sputebakar.

§6.

Då det var 2 framlegg um kor mang dansar laget skulde få halda vart det röysta yver det. Resultatet vart at laget kunde halda 12 dansar for året.

§7. Vart vedteken utan merkna

Likeins 8 og 9

Hildur Salbuvik lås Ljosglimt og nemd ut Jon Rindedal som blad skrivar til neste gang. So vart ~~songen~~ No 322 songen. „Vi er en liten, men lifsglad flokk. Rikard Buena las eit stykke. Möte sluttar i 11 tidi.

Jon Söviknes.
skrivar.

Laurdag 3 mars hadde L. U. möte som tok til i 9 tidi med songen Syng kun i din ungdoms vår. Mötebök vart uplesen og godteken. Då det var mange som ikkje hadde våre med og dryfta låvene på forige möte vart dei upattlesne. Det var forskilige ting som vart dryfta m. a. leiga for lån av huset. Likeins um det skulde vera forbut å röykja i matsalen og kjökene. Dette var mykje

drøfta men det vart vedteke at det skulde vera forbut å rykja i matsalen og kjökene. Det vart og vedteke at det skulde ~~sek~~ settast upp skilt so folk kunde retta seg etter. Styre hadde teke ut eit spelstykke Det lagar seg nokk. Til å spela dette stykke vart vald: Jorg Drange. Haldor Kollen. Jon Rindedal. Johanes Nordvik. Lily Buena. Olga Norström. Agnis Krabedal. Programnemd til neste möte vart vald: Jorg Sjöbö. Borghild Sövik.
Anfin Asphaug. Maria Djupevik.
Det vart då lit leik og i pausane fortalde Jorg Drange mange gode skrönar. Tilslutt vart songen: Tilbags åt alle kan ingen gjera. Möte sluta i 12 tidi

Jon Söviknes.
skrivar.

Laurdag 17 mars hadde L U. möte som tok til kl 9. med songen „Å nei for himel rein og klår". Referat frå fyre möte vart uplese og godteke utan merkna. Eit skriv fra Nestun musik lag vart uplese der dei bed um å få låna huset laurdag 24 mars. Men då laget skulde byrja basaren sin 25 mars vart det vedteke at dei fekk venta til seinare ein gong. Programnemd til neste möte vart vald: Olga Nordström
Anna Sperevik. Kristian Drange
Haldor Kollen. Basarnemd.
Elida Drange Emil Drange
Bergit Buena Jon Asphaug.

Anna Rindedal   Ole Söviknes
Solveig Spervik   Rikard Buena
Hildur Sabbuvik   Nils Bakarvik

Det vart vedteke at marknadsnemdi kunde få dei pengar dei sjölv syntes til å kjöpa hovedgvins og sjötepremiar for. Jon Rindedal las Ljosglimt og nemde ut Anna Spervik til å ha bladet til neste möte. No 304. vart songen „Det dagast i Noreg." Gjerdsvik las ut godt stykk. Det vart då lit leik. No 329 vart songen. Möte slutta i 12 tidi.

Jon Asphaug
skrivar.

Laurdag 14 april halde L. U. möte som tok til i 9½ tidi med songen „No til anna en gaman og kjata". Formannen ynskte alle velkomne til möte. Referatet frå fyre möte vart uplese og godteke utan merkna. Programnemd til neste möte vart vald: Agnis Sjöbö. Olga Nordström. Haldor Kollen. Jorg Drange. Formannen kom med framlegg um gjerde rundt eigedommen „Ljosheim" for no leid det so langt på året at dei trong gå i gong med det skulde det verta ferdigt til dei kasti i marki. Dette vart dryfta og vedteke so. Husnemdi skulde skulde stika ut gjerde og setja det ut til anbod. Gjerde skulde gå etter korsane so ner som på vest sida skulde det setjast på muren og i syd vest skulde setjast etter den gamle vegen, dersom eigarane gav löyve til det. Elers skulde gjerde upsetjast av

5/4" gav. rör der det var fjell og der som var gord for trepålar skulde der brukast brakkepålar Nettet var fletverksnett og maskenett. Portsöylene skulde stöypast. Posteane skulde vera 5/4" gav. rör = samme, med fletverksnett spent over. Formanen ~~+~~ oplyste at han hadde fott pris på koppane, dei kostar kr 56.– og med namn kostar dei det dobble. Då dei var so dyre med namn vart det vedteke at laget skulde kjöpa uten namn. Formannen las eit skriv frå sekreter Berntsen um han kunde få låna huset å syna fram ein film, det vart gjeve löyve mot 30% av bruto intekti. No 195 vart songen „Å nei for himmel rein og klår. Det vart so lit leik. Til slutt vart songen „Fred viler over land og by." Möte sluta i 12½ tidi

Jon Söviknes.
skrivar.

Sysefjordens Ungdomslag hadde vanleg möte laurdag den 26 april. Mötet vart opna med songen „No livnar det i lundar" Formannen ynskte alle velkomen til möte. Referatet vart upp-lese og godteke utan merknad. Programnemd til neste möte vart valde: Nils E. Drange, Ola J. Drange, Helga H. Drange og Johanna A. Drange. Formannen kom so med framlegg um ein skulde hava siste möte ute i det fri so me hev havt nokre gonger fyrr. Han sa då at dei fekk röysta yver um dei vilde ha det siste möte som friluftsmöte. Dette vart då gjordt og alle vilde då hava det siste möte ute i det fri. Då dei ikkje vart samde um kvar möte skulde haldast, skulde styret avgjera det. Sidan det no nærma seg den 17de mai, so valde ein ei nemd til og ordna med tilstellingi den dagen. Desse vart vald: Gjentor: Laura Bakervik, Klara Skåtöy, Anna P. Drange, Margit Söviknes, Borgh. Sövik og Brita Sövik, Anna Kalvatra og Malena Rindedal. Gutar: Magnus Sallbuvik, Alf. Bjoavik, Nils E. Drange, Johs. J. Andvik, Knut Bakervik og Nils Buena. Musikklaget hadde nokre saker som dei vilde havt fyre til dryfting, men då det var so få folk frammött, vart det utsett til eingong seinare. Det vart so dryfta um ein skulde hava skodespel til sumaren. Då lagslemane ikkje vart samde um kva ein skulde gjera med det, skulde styret avgjera det. Möte slutta i 12 tidi med den vanlege songen „Fred hviler over land og by."

For skrivaren

Brita Sövik

Laurdag 12. mai hadde Lysefjordens ungdomslag ekstramøte til å drøfta kva farge ungdomshuset skulde ha utvendes. Det vart gjort ymse framlegg, so det laut avgjerast ved røysting. Av dei 11 som hadde røysterett, røysta 7 for at huset skulde kvitmålast, og 4 for at det skulde vera brunt med listverk i ein annan farge.

Det vart på same møte røysta for at laget skulde ha eit friluftsmøte når det vart varmare i veret. Styret fekk fullmakt til å avgjera kvar turen skulde stå, til sjøs eller til lands, og desse 4 vart valde til å syta for program: Maria Sviknes, Hilda Spervik, Edvard Sviknes og Rikard Bruna.

Borghild Svik,
Skrivar.

17de mai

vart i år festleghalden som vanleg. Folket samlast på Bruna i 2-tidi. Musikklaget spela, og etter salutt for dagen gjekk toget nordyver til Spervik. Veret var kaldt og ruskut, men vart likevel bra då toget kom attende til Bruna. Songlaget song nokre songar, og skulestyrar Løkling heldt tale for dagen. — Etterpå var det kappspringing og eggjalaup for vaksne og born. Tilslutt vart premiane utdelte, og folk gjekk åt ungdomshuset, der skodespelet „Det lagar seg nok" vart framsett. Etterpå var det mat å få, og so tok dansen til - og heldt på til ljose morgonen.

Borghild Sövik.
skrivar.

E. S.

Jonskoffa og olsokoffa skipa L. U. til dansemoro i ungdomshuset. Der var fullt hus og god stemning.

L. U. hadde vanlegt möte laurdag 15. sept. Det var fyrste möte etter ferien. Mötet vart opna med song nr. 112; „No stuttnar dagen, året lid." Noko sers lagssaker var ikkje fyre. Skrivaren las möteboki som vart godteki utan merknad. - Det vart so vald programnemnd til komande möte, som vart sett til laurdag um 14 dagar. Desse vart valde: Lilly Brenna, Laura Bakarvik, Harald Sövik og Ola Söviknes. Dei same skulde og so vaska.

Haustfesten vart sett til laurdag um 3 vikor. Desse vart valde i festnemndi: Einar Drange, Kristoffer Drange, Lars B. Sövik, Erling Bjervik, Anna Kindedal, Olga Nordstraum, Vally Sædalen, Jörgina Drange, Olea Drange og Petra Söviknes.

Etter at lyden hadde sunge nr. 531 „Fyrebornet uppå tuva", las Borghild Sövik „Ljosglimt" i staden for Olga Nordstraum, som ikkje kunde möta. Song nr. 383 „Min gode, fagre barneheim" vart so sungen, og Harald Sövik las

3 dikt. Tilslutt vart det litt leik, og felespel av Harald Sövik. Mötet slutta i 12-tidi.

Borghild Sövik,
Skrivar.

Haustfesten 1934.

Laurdagskvelden den 6. oktober heldt L. U. haustfest. Festen vart opna med prolog av   , lesen av Nils Flesland. Etter at lyden hadde sunge „No til anna um gaman og kjata", gav formannen ordet til lærar Eskevik, der heldt festtala. Til emne hadde han valt å tala um kva kultur eller daning var for noko.

Etter fyredraget var det smatykt. Festnemndi hadde pynta og stelt, so det var unalegt både uppe i festsalen og nede i matsalen. Mykje folk kom fyrst etter smatykti, so huset vart nest for lite. - Lærar Könes las nokre morostubbar og eit stykke um „Ulabrand". Songlaget song nokre songar, og so vart det dans, då det såg ut for at det var dit folk mest stunda etter. Georg Sjöbö spela til dansen, og Lysefjordens musikklag spela fleire nummer både fyre festen tok til og i pausane.

Borghild Sövik,
Skrivar.

Sundagskvelden 21. okt. hadde L.U. vanlegt møte. Det tok til i 9-tida med songen „No stutnar dagen, året lid." Møteboki vart lesi og godteki utan merknad.

Fleire lagssaker var fyre.

I Det var framlegg frå Jon Aspvaag um at lagslemene burde stå i laget ei viss tid fyrr dei fekk røysterett. Nils K. Drange var i mot, og meinte det burde vera slik det stod i lovene for laget, at den som hadde lagt årspengar, og skulde ha røysterett med ein gong. Jon Aspvaag sitt forslag var soleis eit lovbrigde, og kunde ikkje avgjerast på eit vanlegt møte, då alle framlegg til lovbrigde skal vera styret i hende innan 14 dagar fyre årsmøtet.

II Nils E. Drange sa frå at han tykte ikkje det høyrde med til takt og god tone at ein møtelyd ikkje reiste seg eller klappa etter at formannen hadde takka fyredragshaldaren. Harald Røvik med fleire var i mot, då dei meinte det var ikkje alle talarar som var verd ei slik æra, so nokon plikt i so måte burde ikkje innførast. Kvar måtte få lov å vera fri og dømma personleg, og deretter syna sin hyldest.

III Harald Røvik sa frå at kulissene åt laget no heldt på å verta ubrukelege. Då det no skulde synast fram eit nytt skodespel, trongst det nye. Kasseraren Nils K. Drange og likeins formannen var samde i det at det fyrste laget no måtte uva i, var kulisser. ~~Og~~ svorande mykje pengar var det ikkje no i kassa, so kasseraren meinte det enno fekk drygjast.

ei stund til, so då ein fyrst skulde fara med
det, fekk ordentlege kulissar med ein gong.
Det måtte vera måla finérkulissar, både
til stova og til friluftsscena.

IV Erling Spjervik meinte at det som
laget trong aller mest no, var ein kaffi-
kokkjar. Han lova stå fyre å høyra pris
på dei i byen til næste møte.

V. Lars Sövik sa at det no var komi
seg både ute og inne, men ein ting
stod att. Det var resten av vegen upp
til ungdomshuset. Han meinte at gutane
i år som i fjor burde ta nokre dagsverk
kvar og få vegen i orden. Det måtte gjerast
snart, og han kom med framlegg um
at dei som kunde ta dagsverk, melde seg
til Johs. J. Nordvik, Edvard Sövikenes og
Ole A. Drange til innan komande helg.

VI På dette mötet kom og på tale at laget
skulde halde ein fest for seg sjølv, berre for
lagslemene, og kvar lagslem skulde ha
lov å beda ein med seg. Alle som hadde
hug å vera med på ein slik fest
måtte då innan komande helg betala
årspengane sine. So fekk ein sjå korleis
interessa stod. Næste möte vart sett til
fyrstkomande helg. Til program- og vaske-
nemnd vart valde: Alfred Høghaug,
Halldor Kollen, Anna Kalvatn og Malena
Rindedal. – Lyken song „Det stig av
hav eit alveland", og „Ljosglimt" vart so lese
av Anna Rindedal. Tilslutt var det spurs-
målskassa, med mykje jubel. Mötet slutta
i 12-tidi med den kjende songen „Fred hviler
over land og by."

Borgh. Sövik,
skrivar.

Laurdagskvelden 27. okt. hadde L. U. møte. Møtet tok til i 9-tidi med songen „No lid anna um gamnan og tjata". Då skrivaren på dette møte ikkje hadde høve til å møta, vart møteboki ikkje upplesi.

Då det var fåe frammøtt til dette møte, vart det av lagssaker lite drøfta. Det vart tala um medlemsfest. Men då det var lite frammøte, og det enno ikkje var so mange medlemer innmelde, vart det ikkje teke nokor ordning um festen, men det vart utsett til seinare. Til programnemnd vart desse valde: Mons Søviknes, Ola Søviknes, Maria Djupvik og Anna Rindedal.

Georg Brange las „Ljosglimt" og nemnde ut Maria Djupvik til å vera bladstyrar til komande møte. Etterpå vart det litt leik. Møtet slutta i 1/2 11-tidi med songen „Fred hviler over land og by".

For skrivaren
Edv. Søviknes.

Sundagskvelden 25. novbr. heldt L. U. vanlegt møte. Etter opningssongen vart møteboki lesi og godteki utan merknad. Til programnemnd til komande møte vart valde Maria Søviknes, Alida Spervik, Edvard Søviknes og Rikkard Runna. — Det hadde på eit tidlegare møte vore på tale å halda ein medlemsfest. Kasseraren upplyste at det no hadde tekna seg ikring 30 lagslemer. Det gjekk no til avrøysting, og det vart samrøystes vedteke å halda fest. Likeins vart det vedteke ved avrøysting at denne festen skulde vera rjomegrautfest. Festen vart sett til fyrstkomande helg, dersom det då ikkje vart skytterfest i „Fjellheim". Var det det, skulde festen utsetjast til um 14 dagar. Desse vart valde i festnemndi: Anna Birkedal, Maria Djupevik, Borgh. Søvik, Nikolai Spjelvik, Johs. Nordvik og Ole Søviknes.

Av andre lagssaker kan nemnast at det at det no hadde vore møte i Os samskipnad. Edvard Søviknes hadde vore utsending frå laget her. Det hadde på møtet vore på tale at Os samskipnad vilde byrja med filmframsyning, på dei vilkår at ungdomslagi i Os gav gratis hus til framsyningane, og i det heile var ansvarlege for pengeutlagone. Då dette var eit viktigt spursmål og ikkje fyrr hadde vore framme i laget, fyreslo Bonset at spursmålet turde utsetjast til eit seinare møte. Han vilde råda frå å gå for fort til verks, men måtte få tid å tenkja yver spursmålet. Nils M. Drange rådde og frå å stydja framlegget, i alle høve til Samskipnaden hadde sett upp eit budgett, då det elles kunde få alvorlege fylgjor for laget. Maria Djupevik las „Ljosglimt", som denne gongen hadde både mykje og godt innhald. Ho valde Nils Kallem til å vera bladstyrar på komande møte. – Nr. 262 „Jeg putter med glædens og hapets ord" vart sungen, og etterpå las Harald Søvik nokre dikt av Jakob Sande og eit stykke or „Samfundsliv". Møtet slutta med songen: „Fred hviler over land og by". Etter laget var slutt, vart det leikt ei stund.

Borghild Søvik,
Skrivar.

Laurdagskvelden 8. desember heldt L.U. lagslunsfest. Kvar lagslema hadde rett til å beda einkvan med seg, og alt i alt var på festen vel 60 menneskje.

Edvard Söviknes ynskte lyden velkomen, og gav ordet til lærar Gjersvik, som tala um folkevisone våre. Tala vart vel fagna, og so bar det i matsalen der bordi stod dukka med god norsk mat: rjomegraut, pylsa og kringlor. Etter bordsita las lærar Bönes nokre morostubbar og dikt. — Det vart so noko folkeviseleik, og Lysefjordens musikklag var flittige å spela. Det vart til slutt rund-dans, med fele- og dragspelmusikk av Johannes og Georg Sjöbö. Då det leid på natti, var det kaffi og finbröd å få.

Festen slutta ikkje fyrr i 4-5 tidi um morgonen, og alle var samde um at det var so koseleg å få vera for seg sjölve og stundom.

Borghild Sövik,
Skrivar.

Årsmelding 1934.

L.U. hev i året 1934 havt 10 vanlege möte og 1 ekstramöte. Programmet på dei vanlege möti hev skift millom fyredrag, ordskifte, upplesing, song og leik. Styret hev havt 3 möte. Laget hev havt 3 festar: joletrefest med tale av skulestyrar Lökling, haustfest med tale av lærar Askvik, og lagslunsfest med tale av lærar

Gjervik. 17 mai vart som vanleg festleghaldi med tale av sk.st. Løkling på Buena og fest og dans i „Ljosheim". Laget hev synt fram 2 spelstykke, og havt 1 marknad.

Elles hev huset vore leiga burt til ymse: Os ungdomssamskipnad hev synt fram eit spelstykke, der hev vore fiolinkonsertar av Lorentz Hope og Knut Gaupsholm, likeeins hev Kilands musikklag og Os mannskor og strykeorkester halde konsertar. - Der hev vore 2 filmframsyningar, den eine av sekretær Berntsen: „Kristine Valdresdatter", og den andre ein reklamefilm for kaffitilsetningi „Karoma". Os bondelag hev lånt huset til fest, og Lysefj. musikklag eit ~~par~~ 3 gonger til „musikk", skodespel og dans. Laget skipa gjer til dansemoro Jonsok og Olsok.

På alle festar og tilstellingar hev ungdomen frå bygdi og mange eldre med møtt mannjamt fram, og sume gonger hev det vore so mange tilreisande at huset mest hev vorte for lite.

Laget tel 36 lagslimer. Laget si eiga er no kr. 161,48 på bankbok i Fana Sparebank og kr. 98,98 i kassa.

Til slutt ei takk til alle som i det gamle året var med og gjorde godt arbeid i laget. Måtte året som kjem verta eit ennå rikare arbeidsår!

Borghild Sævik,
Skrivar.

möte

Årsmelding 1934

Sundagskvelden 23 desember hadde L. U. årsmöte som tok til kl 9. Årsmelding og referat vart lesi og godteke, likeins rekneskapen lesen av Nils. M. Drange. Ein gjekk då yver til val. Det vart fyrst val på formann, og då den gamle formannen Edv. Löviknes fråbad seg gjenval, samla veljarne seg um Lars. B. Lövik, og ved det endelege val fekk han alle röystene. Han freista koma seg i frå det, med det, at han ikkje stod som lagslem, men det er eit vedtak i laget som segjer, at alle musikarar skal vera faste lagslemar. Det vart so val på nytt styre, alle i det gamle styre fråbad seg attval, og desse fekk flest röyster: Anna Rindedal. Rikard Bruna, og Ole L. Löviknes. Ved val innan styret vart R. Bruna nestformann. Ole Löviknes skrivar, og Anna Rindedal kasserar. Varamenn til styret vart: Nils Kollen, Hildur Salbuvik og Borghild Lövik. Ettersynsmenn til rekneskapen vart: Nils M. Drange og Nils. Kollen. Utsendingar til Årsamskipnad: Nils M. Drange og Larar Bönes. Finansnemnd. Lars. Lövik. Bönes, og Kristoffer. Drange. Hus, og vednemnd: Kristian. N. Drange og Ole. N. Drange. ~~Einar Drange~~. Sverre Drange. Johs. H. Norvik. Tribunnemnd: Johs J. Norvik. Martin Drange. Einar Drange. Folkefestnemnd vart og vald på dette möte Desse vart valde: Klara. Vilhelmsen. Lilly Bruna Borghild. B. Lövik. Alida Spervik. Lilly Norvik. Petra. Löviknes, og Lina Bjorvik. Johanna. Drange. Rikard Bruna. Jon Rindedal. Alfred Löviknes og Kristian Drange. Möte slutta pålag i 12 tidi med songen: Fred vike yver land og by.

Joletrefest 1935

Laurdag den 12 januar heldt L. U.
joletrefest i Gosheim, som skulde
byrja kl 8, men tok ikkje til fyrr
ei 9 tidi. Festen vart opna med att
songen no. 324 i songboki Deilig er
jorden vart sungen. Formannen Lars
Sövik ynskte so festlyden hjarteleg
velkomen, og gav so ordet yver til
Larar Skorpen, som heldt festtala.
Etter tala vart det songen nr. 511.
Å leva det er, å elska, og formannen
hadde heile lyen med sig, då han tak-
ka Skorpen for den gjilde tala.
No bar det med i matsalen, der bordi
stod dekka til festmåltid.
Etter bordsata vart det gong rundt
Joletre, og larar Firsvik spela til på
orgel. Då dei vart köyt å gå rundt
joletre, fekk me Ljosfimt av Harald
Sövik, med eit innhald, som vakte
jubel og stor fagning, me fekk, ogso
solosong, av H. Sövik, med orgelmusik
til, av larar Firsvik. No vart det, atter
gong rundt joletre, og denne gongen spela
Hornmusikken til. I ein pause song
songlaget eit nokre nummer, og Larar
Bönes las upp eit par dikt og eit lite
stykkji. Til slutt vart det leik, og leikjen
gjekk med liv og lyst ei heil stund
framyver. Festen slutta i 1/2 4 tidi
med att det vart sungen det fyrste, og siste
verset av Gud signe vort dyra fedraland.

Ole Sövikenes Skrivar

Melding frå Joletrefestnemndi.

Biletsalg på Joletrefesten var,	Kr. 132,50
På Skalkefest — — — — — —	" 25,24
Bruttoinkoma — — — — — —	Kr. 157,74.
Utlogor til Lysefj. Handelslag til sjukman, bilskyss og ymse anna	" 133,44
Nettoinkoma vert.	Kr. 24,30

Sundags-kvelden den 20 januar hadde L. U. vanleg möte. Formannen opna mötet med, att han ynskte alle velkomne til det fyrste mötet i det nye året, og takka med nokre velvalte ord, den förre formann og det gamle styret for deira arbeid i det gamle året. Etter på vart sungen Nr. 666. Til takks åt alle kan ingen gjera. Möteboki var lesen, og godtiken utan merknad.

Til programnemnd til neste möte vart valde. Johs. J. Nærvik. Harald Sövik. Lutöy Bruna, og Borghild Sövik. Det vart og vald to til, å taka upp på neste möte. dessa vart valde (:) Anna Rindedal, og Malvin Sövik.

Formannen las so upp eit skriv frå eit lag frå byn, der dei sökte um, å leiga Ungdomshuset til, å arangsjira dansemoro, og song, og musikk-

Det vart vedteke, at dei skūlde få låna husit til dei ~~dei~~, andre ūndarholdning, menn ikkje til dans. Formannin kom so med framleg ūm ūngdomslaget skūlde sjipa til ein Morsfest på morsdagen, og då dinne tankkje vart stydja, var det valt ei festnemnd som skūlde ordna med dinne. Dessi vart valte: Agnes Sjöbo. Anna Rindedal. Maria Djupvik. Ingrid Sövik. Laura Bakkavik. Marta Movik. Enny Hegvik, og Jörgina Drang. Alf Bjorvik. Haldor Kollen. Magnus. Salbuvik og Malvin Sövik.

Formanin hadde būd frå Os samsjipnad ūm att dei vilde halda samsjipnamöte her i år, dersom laget kūnde taka mot dei. Det vart då tala nåko ūm program til dette möte, blant anna ūm eit lite spilstykje på ei heller 2 akter. Erling Spirvik sa seg villig til å syta for og få heim nökre böker, og so skūlde Harald Sövik taka ūt eit stykkje som han tykte kūnde höva. Tribūnen vart på dette möte seld til Ole Sövikius for 25 kr. Femogtyve kronar. Der var tale ūm å setta ned lagspengane, då det då gjerne vilde verta flire lagslamar, men då dette vilde verta lovbrigde, gjekk det ikkje ann, anna på årsmöte, med 2/3 fleirtal av dei lagslamar som då er ūppmötte.

Der vart og to på tale um vegen, uppe til huset, då formannen meinte at ~~att~~ det no var gode veirforhold, å arbeida i, då det ikkje var fröse, so jordi var lett å arbeida i, men då ein ikkje var klar yver kor mangen det var som hadde meldt seg til friviligt arbeid, vart det utset til neste mötet, då ein skulde få melding frå dei som var uttekin til dette på eit tidlegare möte.
Mötet slutta med ~~songen~~ den vanlege songen. Fred kviler over land og by. Etter på vart det lit leik.

Skrivar
Ole. Söviknes

Lysefj. Ungdomslag. hadde vanlegt möte sundag 3. februar.
Mötet byrja (med song) i ½10-tid. med nasjonalsongen: Ja, vi elsker: - Möteboki vart ikkje upplesi, då skrivaren ikkje mötte. Istadenfor Ole Sövik nes som er burte, vart Borgh. Sövik beden um å möta i hans stad, då ho er fyrste varamann.
Bibliotekaren gav ei uppmoding til ungdomane um å lesa meir böker i biblioteket. Gjorde oss merksame på at det berre var 19 låntakarar, og det var for lite i ei bygd som var med so mange ungdomar. Vilde og uppmoda ungdomane um at eit utlån på 600 band for året var for lite, og dei burde

tesa meir. – Gjekk so yver til vanlege lagssaker. Til program- og vaskenemnd vart Edv. Sövikenes, Nils Bruna, Agnes Sjöbö og Aida Speivik valde. Det vart eit lite ordskifte um vasket i ungdomshuset. Agnes Sjöbö meinte at vasket burde umkvar få året igjenom mot ei fast betaling. Edv. Sövikenes meinte at vasket burde gjerast av dei som var med i programnemndi, eller ifall fest, av festnemndi. Ved tilskiping av fest, dans eller liknande, då slike ikkje var valde, burde vasket setjast ut til private. Denne tanken vart studda av dei fleste, og Agnes Sjöbö var og samd med det då. Etter uppmoding vart det vedteke å låna huset til handelslaget til deira generalforsamling som i fjor.

Spurnad frå form. i blindeforeiningi um å få låna huset til framsyning av ein film til innkoma for blindesaki vart og stetta, mot at dei i blindeforeiningi vaska etterpå framsyningi.

Edv. Sövikenes som var pålagd å søkja juridisk hjelp i den saki som var vorti millom Rikstrygdeverket og laget, gav ei utgreiding um denne. Laget måtte saksøkja byggjeentreprenørane, sofremt dei ikkje vilde betala godviljugt halvdelen av trygdepengane, då dei var solidarisk medansvarlege. Edv. Sövikenes sa at entreprenørane var tilspurde, men nekta å betala. Laget vedtok å betala å betala pengane utan saksøkjing, då det vart rekna for lite vinning for laget um det fekk halvdelen av summen, men til gjengjeld fekk mykje ilvilje på gong.

Musikklaget søkte um å få låna huset til ein korgalik dei var tenkte å halda i naraste framtid. Ungdomslaget meinte dei hadde bruk for huset sjølv, so det vart vedteke at musikklaget fekk venta fyrebils med huselåni.

Til å finna ut høvelegt skodespel til laget, vart desse valde: Agnes Sjøbø, Anna Rundedal, Rikard Bruvna og formannen.

Børs spurde um ikkje samskipnad-møtet kunde utsetjast til 3/13, då han ikkje kunde møta den dag som fyrr var fastsett. Laget hadde ikkje noko i mot det.

Til samskipnadmøtet vart det vald ei nemnd som skulde syta for matsalet og anna. Dei valde var: Anna Kalvatn, Olga Nordstraum, Olea Drange, Maria Drange, Hedvig Salbuvik, Mons Søvikenes og Jon Rundedal. – Song nr. 13, „Rett som ørnen stig", vart sungen.

„Sjøgleimt" vart ikkje lese, då bladet ikkje møtte. – Malena Søvik og Anna Rundedal las kvar sitt stykke. Til nye lesarar vart Haldor Kallem og Aida Sjøvik valde.

Møtet slutta i 1/2 12-tidi med song nr. 511, „Å leva det er å elska".

For skrivaren
Lars B. Søvik.

Sundag 10. febr. skipa L. U. til morsfest i ungdomshuset, og det var fyrste året laget skipa til slik ein fest. Alle mødre var innbedne til festen, og elles var det tilgjenge for kven som helst mot inngongspengar. Og trass i ruskevêr fylkte det seg at både unge og eldre fram vegen åt ungdomshuset, so salen var mest fullsett.

Festen tok til i 3-tidi ettermiddag. Medan folket samla seg, spela musikklaget. Formannen ynskte so lyden velkomen, og gav ordet til lærar Gjersvik, som las eit utdrag av Edvin Holmes bok. „Ukjente verdener" Versi høvde sers godt, då det vel er noko av det finaste som er skrive um ei mor.

Ordet vart so gjeve til lærar Rønes, som heldt festtala, og den fine gode tala vil sikkert verta hugsa av mange. Musikklaget spela so, „Målet hennar mor", og lyden song med. Det bar so i matsalen, der bordi stod duka med kaffi og kokor. Etter maten spela musikklaget att. Borghild Vik las upp eit stykke og eit dikt. Songlaget song. Den fyrste song, „No stend ho steller i kjøkenkrå", og „I ein komme stunde" Til slutt bar lærar Rønes fram ei takk til laget frå alle innbedne. Formannen takka so for det gode frammøtet, og den hyggjelege samkoma slutta i 1/2 8-tidi.

For skrivaren
Borghild Vik.

Sundagskvelden den 17. februar hadde L.U. vanleg møte. Det tok til med song nr. 470 Fram i dagen, ut i soli. Formannen ynskte møtelyden velkomen, og snakka med det same fram på at det no leid mot påske og marknaden åt ungdomslaget, og han vilde beda lagslemene ta dette i tankane og stydja laget ved å gjeva ein ting til marknaden.

Møteboki vart lesi og godteki. Til program- og vaskenemnd til komande møte vart valde: Lilly Nordvik, Emmy Heggvik, Knut Bakarvik og Liv Leirvåg.

Av andre lagssaker kan nemnast plantingi kring ungdomshuset. Ei nemnd vart vald til å ordna med dette. Med i nemndi vart: Johs. J. Nordvik, Nils M. Drange og Borghild Søvik. Formannen sa ogso frå at laget hadde fått gratis flaggstong, og hadde ogso lov på gratis stol. Då stod berre att å få det upp, og det måtte laget sjølv gjera. Edv. Søviknes meinte at styret var dei næraste å ta seg av dette. Men etter framlegg av Lars B. Søvik vart det til det at husstyret skulde ta seg av saki.

Ein kom so attende til marknaden og det vart det no valt marknadsnemnd. Desse vart valde:

Nils Bruena
Einar Nyheim
Leif Leirvåg
Knut Bakarvik
Einar Spervik

Laura Bakarvik
Borgh. A. Søvik
Borgh. B. Søvik
Lilly Bruena
Lina Bjørvik

Einkvan av nemndi skulde ha på seg å undersøkja kva eit nytt luftgevar kosta og so skulde det på eit lag seinare avgjerast

um det skulde kjöpast eller ikkje. –
Då samskipnadmötet var sett til um 14 dagar, den 3 mars, var det på tale å få i stand eit like skodespel. Herr Tormod Drange rådde i frå dette, det hadde synt seg fyrr at det var svært vanskeleg på so kort tid å få til noko spelstykke. Men kunde det la seg gjera, fekk dei heller spela uppatt eitt av dei gamle. – So var det nye kulisser som var framme til drøfting att. T. Drange meinte at det kunde snautt la seg gjera å spela noko skodespel med dei gamle fillekulissene som no var. Men då laget ikkje no hadde råd, vart det utsett med kulissekjöpe til etter marknaden. Då kanskje ein til då nokolunde kunde få greia på kva nye kulisser vilde kosta.

Nr 606 „Til laga åt alle" vart sungen, og Edv. Bruknes las so „Tjoglimt", som til ein avveksling ikkje berre hadde stolen mat. Han uppmoda folk til ordskifte innan bladet, og refsa elles lagslemene for mangt og mykje. Etter bladet vart nr. 316 „Ver aldri redd i dödleg stund" sungen. Det vart so upplesing av Georg Drange, og etterpå noko leik. Mötet slutta i 12-tidi.

Borghild Sövik
for skrivaren.

Sundag den 3. mars skipa L. U. til samskipnadmöte i „Ljosheim". Mötet tok til i 4-tidi etter middagen. Lysefj. musikklag spela nokre marsjar medan folket samlast, og um ikkje lenge var huset fullt. Veret var fint, so det var freistande for folk å ta ut, og det var difor samla folk frå alle ungdomslag i Os.

Formannen i ungdomslaget, Lars B. Sövik, ynskte frå laget sine vegne lyden velkomen, og nemnde at det var fyrste gongen laget her hadde havt höve til å halda eit större möte. Han ynskte og so talaren, Ragnvald Våge, velkomen, og gav so ordet yver til han. Fyre tala spela musikklaget og lyden song dei 2 fyrste vers av „Gud signe Noregs land". Talaren tok Goethes „Faust" til emne for tala. Den sterke manande og uppbyggjande tala til ungdomen vart vel fagna. – Etter tala var det mat å få kjøpt for dei som vilde. Då matykte var yver, las Harald Sövik „Ljosglimt". So gjekk ein yver til å ordskiftast um spursmål som er uppe i tidi. Harald Sövik innleidde, og kom då inn på både religiöse, politiske og sosiale spursmål. Til ordstyrar vart vald T. Dösen frå Nore Neset ungd.lag. Dei som deltok i ordskiftet var Ivar Bönes, Ingvald Sövik, Harald Sövik og T. Dösen. Emnet i seg sjölv var so mangslunge og so vidtfemnande at kvar ting for seg hadde vore emne til ordskifte, og det hadde då og kanskje vore lettare for fleire å vore med.

Etter ordskiftet synte ungdomslaget

fram tos tablå, og då det no ikkje var meir på programmet, vart det folkevisedans – ei stund til slutt.

I ein pause kom lærar Gjersvik med uppmoding til dei ymse ungdomslag i Os um å slå seg saman til ein tur i vår. Han vilde fyreslå å reisa til Hardanger i blomstringstid. Ein måtte då ta turen like til Odda, med eit upphald på nokre timar der inne. Dette kunde ingen svara på med ein gong; men formennene i dei einskilde lag lova å ha det fyre på lagsmøte.

Lysefj. musikklag var flittige å spela på møtet, og var all ros verd. Formannen i Os ungd. samskipnad, lærar Bønes, takka laget for tilstellingi, og møtet slutta i 11 tidi med at heile lyden song „Gud signe vårt dyre fedraland".

For skrivaren
Borgh. Søvik

Søndag 17. mais hadde L. U. vanlegt møte. Det tok til i 9 tidi med song nr 195, „Ha mei for himmel reine og klår". Formannen ynskte velkomen til møtet, og nytta med det same høve til å tala litt um folkeviseleiken, og ynskte det måtte koma meir interessa for den. Møteboki vart so lesi av skrivaren og godteki utan merknad.

Til programnemnd til komande møte vart valde: Martin Drange, Nils E. Drange, Olea Drange og Margit Eidsvik.

Det vart sagt frå at det skodespelet dei no övde på trov kulissene, og måtte finérkulisser vilde koma på ein 50-60 kr. Det vart vedteke å få i stand siden. Song nr. 203 „Fram dansar ein haugkall" vart sungen. Rikard Bruena las so „Fjorglimt", der inneheldt mykje til moro og gaman. Til bladstyrar næste gong vart vald Ingrid Sövik. Etter bladet innleidde Edv. Söviknes til ordskifte um rusdrykken. Olav Larsen var ordstyrar, og dei som deltok i ordskiftet var Lars Sövik, Harald Sövik, Rikard Bruena og Edv. Söviknes. Det vart gjor vedteke å ha ordskifte næste gong, og Rikard Bruena vart vald til innleidar, etter sjölvvalt emne. Nr. 202 „Småsporven" vart sungen, og ein gjekk so over til spurnmålskassa. Der var som vanleg mykje lögje, so låtten kom på glid. Harald Sövik las upp eit stykke, og det vart ei stund lett. Trin fraunse las Georg Drange eit stykke, og mötet slutta i 12 tidi med den vanlege songen „Fred hviler over land og by".

För skrivaren
Borghild Sövik.

Laurdag den 27 April hadde L. U.
vanlegt møte. Møte tok til i ½ 10 tidi
med songen: „No er det planta fest"
Då skrivaren på dette møte ikkje var
til stades, vart referat frå fyrre møte
ikkje upplese.
Av lags-saker som var fyre er desse
Innbjoding av Os turnforening til eit
stafettløp imellom ungdomslagi i Os
som skulde haldast uppe sundag den 12te
mai. Men då det var svært lite
gutar frammøtt på laget, vart det
ikkje noko viss avgjerd um ~~[illegible]~~
~~[illegible]~~ laget her deltok eller ikkje. Kvart
lag skulde stilla 8 mann, og inn-
meldingi måtte vera innsendt innan
8 dagar. Då dette var kort tid um og gjera,
vart det ordna soleis at dersom nokon
vilde delta i tevlingi, skulde dei melda
seg til Formannen. I fall det vart so
mange med at laget deltok, skulde
laget betala innmeldings pengane som
var kr. 1.– for kvar person.
Formannen hadde so fenge eit skriv
frå eit lag i Fana, som spurde laget
her um å få låna ungdomshuset
å arrangera dans i ein laurdagskveld då
huset ikkje var uppteke.
Men då det står i Ungdomslaget sine lover
at laget skal ikkje låna huset bort til nokon
som berre vil driva vanleg rund-dans.
vart desse sjølvsagt nekta og få låna
huset
Formannen hadde okso fenge spursmål

frå Sekreter Brentsen i Fedrelandslaget om han kunde få låna huset til ei filmframsyning. Då ingen hadde mot dette vart det løyve gjeve til at han kunde få låna huset. Formannen skulde so tala nærmare med han pr. telefon

Det vart so gjort vedtak um ein tur laget vilde ta. Enten dei skulde reisa til fjells, eller dei skulde leiga ein motorbåt og taka seg ein sjøtur. Det vart til dømes nemnt till Rosendal i Hardanger. Då dei fleste vilde helst ha ein sjøtur vart denne tanken styrkja og det vart då valt ei nemnd som skulde syta fyre å få leigt båt og elles fyrebu turen. desse vart valde:

Ragnhild A. Tvik　　Ingeg. Sprange og
Kari Kalvetre　　Edv. Tvitkens

Formannen tala so framsyna om at ein måtte sjå å få ei kapproing 17 mai For å få ungdom å delta, skulde laget kosta pokalar til fyrste premiar for på dette viset få mest mangleg med. Laget var samd i dette og 17de Mai nemndi skulde syta fyre å få tak i premiar dersom det meldte seg nokor til å ro

Det vart då tala um ~~det~~ i fall det vart nokor roing å dela henne inn i års klassor Edv. Tvitkens heldt fram at dersom dei skulde få mest mangleg med, måtte ein absolutt dela roingi iminst i tvo klassor. Då ein ikkje kunde venta at 16-17 åringar vilde ro saman med 20 åringar

og dugover. Det vart da vedteke at rangi
i fall det meldte seg nokon skulde oppsetjast
i tvo aldersklassar. Ein lls under 18-aar og ein
yver 18.

Dette var da dei lags-saker som var framme
til handsaming. Ljosglimt fekk me ikkje på
dette møte, Då bladstyraren ingi bladmat
hadde fengje. Det vart [illegible] vart so [illegible] til slutt litt leik, men i
det syntest, at interessa for leiken var svært
liten. For det var å stupla seg upp i gangen
~~og trakka~~ ~~[illegible]~~ og stå og henggje, og vart
det fyrr langsamt, so var det nok av hattar
og huvor å bruka til fotball til eit tidkøyte
Møte sluta på leg i 2 tidi med
Songen: „Fred hvile over land og by."

For Skrivaren.
Edv. [illegible]

17de Mai 1935

17 Mai vart ogso i år som vanleg
festleg halden på Brunn. Folket samlast
i 2 tidi. Ungdl. Musikklag spela og etter
salutt for flaggi gjekk ein i tog med
musikken i spissen upp til Vonl Orpe-
kom ein vidare på Lysekloster og der frå
til dei gamle ruinene og attende til
Brunn. Skulestyrar Tekling heldt ei tale
for dagen.
Etter på vart det ymse i idrott for
born og vaksne, men det viste seg at
interessa for i idrott millom dei vaksne
var svært liten.
Då klokka gjekk til 8te byrja folket å
samlast i Ungdomshuset. der det var skipa
til folkefest klokka 9. Etter festen vart spelstykke
"Din begravelses dag." framsynt. Etter
på spela Trekspelar Bikelund til dans, og
dansen gjekk med liv og lyst til ljose
morgonen. Sant og segja ein hyggjeleg 17de
Mai, og alle trur eg tykkjer det same

For Skrivaren
E
Edv. Tvilines.

Skytetevlingi millom ungdomslagi i Ås vart iår som fyrre halden på skyttarlaget si bana på Ulven sundag 25de august.

Tidi for skjotingi var sett til kl 10, men då berre skyttarne herifrå fjorden var komne, kunde ikkje tevlingi taka til då. Fyrst fram i elevte tidi kom det sopass mange skyttarar frå Gyane, at tevlingi kunde taka til.

Veret var skya, eit ideelt skjotever. Likevel varde det ikkje so lengje fyrr regnet kom, og då kom skodda med. Ei stund rigna det sopass, att skyttingi måtte fyregå under tak.

Av skyttarar møtte mest upp herifrå, men både frå søre, og nore Gyane var heilt lag stilla. Frå Ås ungdomslag møtte berre tre mann.

At hardaste striden vilde koma til stå millom laget frå nore Gyane og her var, alle viss på.

Laget herifrå vann hin 3dje tidt i skytefatet, som er uppsett, av Ås skyttarlag.

Dei 5 beste frå laget her var:

Sverre Drange med.	191 p.	
Kristoffer H. —"— —"—	181 —"—	
Emil ——"—— ——	180 —"—	
Ole. N —"— —"—	175 —"—	
Ole. H. —"— —"—	155 —"—	
	Samla 882 poings.	

~~Söre~~ Nore Gyane vart nr. 2 med 860 poe. Söre Gyane nr. 3 med 639 points.
Umframt dei fyrr nemnde herifrå var det 4-5 skytarar som skaut, men nådde ikkje upp i telgjengi.

Til alle som var med herifrå vil me retta ei varm takk for deira interessa og duglik. Me i ungdomslaget er byrge av, å ha so pass gode skyttarar millom, oss.

L. S.

Laurdags kvelden den 12. okt. hadde Hysefjorden ungdomslag haustfest. Festen tok til i 9 tidi um kvelden med song. Formannen ynskte so festlyden velkomen, og so fekk me prolog, av Lils. Flistand. Feststala heldt Lærar Bous, og etter tala vart det songen: Målet hennar mor. Då vart det høve til å få mat, og kaffi, og folket fekk gå ned i matsalen der bordi stod duka og dekka til festmaltid. Det var myki folk, so alle fekk ikkj plass med fyrste bordsata, so medan dei siste var til bords, song Lils Flastand nokre moro stuppar, og diktet av Gudmund Storlungen. Då, alt folket var samla i salen, at vart spelstykke: Gode grannar fråmsynt, og musiklaget spela millom aktene. So var benkene rydda til sidis og Vetås spela upp til dans, og dansen gjekk med liv, og lyst til lankt på morgonen. Festen slutta pålag i ½ 5 tidi um morgonen.

Skrivar
Ole Sviknes.

Sundag den 27 oktober hadde L.U. vanlegt møte, som tok til i 8 tidi um kvelden. Møtet vart opna med songen: Sjå no er det dag. Då formannen ikkje kunde møta, styrde nestformann Rikard Boina, og godtekt. Møteboki var lesen, og godtekt. Av lagsaker var det ikkje kjent so mykje denne gongen, det vart vald vakter, og programnemnd til neste møte. Dessi vart valde: Ingvarda Spirvik. Hildur Sæbuvik Nils Bakarvik, og Peder Djupvik.

Lærar Fersvik synte fram ein serie med ljosbilete, frå ekspedisjonar frå umse nasjonar, som prøvde på, å nå Nordpolen, og fortalde kva dei hadde til, å gå igjenom utan vanskar, og kva dei likevel klarde til, å utføra av gransking, og kartlegging der nord i dei arktiske egne. Verkelig ei lærerik, og intresant stund.

~~Då det no ik~~ Det handskrivne bladet Ljosglimt var upplese, av ~~tv~~ Rikard Boina, som denne gongen ikkje hadde so lite innhald, både av alvår, og humår.

Då det no ikkje var meir program skulde ein førsøkja å leika, hornmusikken spela so upp ein mars, menn det viste seg att det var svert få som hadde noko interessa før dette, og då var det ein sjølvsakting att det ikkje kunde verta noko av det å leika, men hadde der vore ein som hadde haft eit trekspel, og spela upp noko av foksdråt og tango, og kva det er før noko, alt saman då hadde det nok vorte liv i leiken tek eg ikkje mykje i miss.

Mötet slutta i 11 tidi med den vanlege slutningsongen:

Fredkvilet over land
og by.

Skrivar.
Ole Soviknes

Sundag den 24 novb hadde L.U. möt som tok til i ½ 9 tidi um kvelden. Mötet vart opna med songen Nr 489 i songboki. Formannen ynskte so mötelyden velkomne til möt. Mötboki samt lovene for laget vart upplesen, og godkjent utan merknad. Til program og vaskenemnd vart vala Else Boina, Ingrid Sjøvik og Knut Bakarvik. Einar Sjøvik

Formannen sa frå, at han hadde tala med formannen i Ås samskipnad, og han meinte, at ein kunde legja ~~ne~~ ner samskipnaden, då det viste seg svært liten interessa for denne. Ordet var so gjeve fritt so fleire kunde uttala seg um dette. Lærar Böins tok so ordet, og han held fram, at det måtte kunna la seg gjera, at lagt kunde halde fram, ~~når~~ eller kunde til dels byrja, og arbeide etter eit anna system, som muligvis kunde skapa meir interessa, det same meinte ogso Rikard Bödirne, for vart samskipnaden nedlakt, vart kvart einskilt lag i Ås ståande heilt kvar for seg, utan nokon sameinteressa, og det meinte han var ikkje som det skulde vara. Lærar Jersvik helt fram um ikkje laget her her kunde, be um Ås samskipnad til möte, og då ikkje nokon hadde imot dette vart det vedteke, at ungdomslaget her, skulde be saman til samtsjyrnadsmötet etter Nytår.

Formannen las so ut skriv frå Nore nesetsungdomslag, som gjekk ut på, om laget her var villig til å yta noko pengar til ei gåva til Nils Tveit i anledning det arbeid han hadde utförd ved Os bygdesoga, ordet vart gjeve frit um dette, men då ikkje nokon uttala seg vart denne saki utset til neste möte. Det vart på dette mötet okso vedteke, at laget skulde halda ein midtvinsfest, som skulde vera laurdags-kvelden um fjortan dagar.

Til festnemnd var valde:
Anna. P. Drange. Marta Norvik. Agnes Ljobo, og Petra Söviknes
Erling Sjurvik. Knut Bakarnila og Nils. E. Drange.

Då det no ikkje var meir lagssaker, gjekk ein yver til programmet.

Lærar Böens ~~viste fr~~ fortalde oss um ein tur som han hadde haft til Danmark i sumar, og i samband med dette vart det vist fram ljosbilæte, både frå turen over til Danmark og forövrigt frå forskjellige stadar der nede. og Böens tala ~~so~~ um kvar bilete, ~~og~~ ~~fortalde kvar og kvart bilete var ifrå~~, og ~~skildra~~ fortalde på ein levande måte, okso mykje av folkelivet i Danmark, og formannen hadde hatt lydin med seg då han takka både Lærar Bønus, og Lærar Jørsvik, for Jørsvik styrde med Ljosbiletmaskina, og framsyningi av bileti.

Det vart no sunge: Kunskap skal styra rikje og land.

Ljosglimt var upplesen av Alida Jørvik. Det skulde no vore spørsmålskassa, men folket var visst no trøytt av, og sekja i ro, so det vart ikkje noko av. Möte slutta so av i 11 tidi med songen. Att far mini kunde gjara:

Skrivar
Ole Sørkens.

Laurdag den 7 desebr hadde L. U. medlemsfest. Festen vart opna 10 tidi um kvelden.

I ventetidi spela L. Musiklag nokre stykkje, med fin festsong som var skriven for anledningen. Formannen ynskte velkomen, og sa fram eit mykje vakkert helsingkvade, som manar oss til alvor og eftertankje, men og til eit Ljost syn på framtidi.

Lærar Jørsvik helt so festtala. Emne var lukkeleitin vår, korleis kvart menneskje strævar for

å finna lukka. Tala vart mykje fagna.

Då me måtte venta lit på bordsata spela Hakon Hansen nokre musikkstykkje på trekspel, og so fekk me høyra fyrste delen av Ljosglimt.

Det vart so bordsata, og det vart gjort all æra på rjomegrauten.

Nils Flesland song grautvisa.

Rikard Bouma las so upp inhaldrike telegram, og det var svert mange som hadde heilsa på laget vårt. Etter bordsata vart spelstykket „Eg giftar meg, aldrig" framsynt. Og spelarne gjorde sakerne sine godt. Ein fekk so hove til å dansa. I ein pause i dansen fekk me høyra resten av Ljosglimt, det var eit stort blad denne gongen, slik skulde det vera altid.

I 4 tidi um morgonen fekk me kaffi, og det smakte godt no. Flesland song nokre songar at. Formannen las so ut nokre utanlanstelegramar, og lotten losna. Intil den kristne generalen i Kina hadde gruida på festen vår. Etter kaffibordet heldt dansen på fram til den ljosi morgon mest.

For skrivaren
Rikard Bouma

Årsmelding 1935.

I året 1935 har L. U. havt 9 vanlege møte. 5 styremøte. Programmet på dei vanlege møti har skift millom ,ordskifte, ,oplesing, ,song og leik, ,og dessutan 2 foredrag med ljosbilete. Umframt dei vanlege møti var det skipa til samskipnadmøte her i Tjoshaim i Mars månad i ,år. Laget har ialt haft 5 festar. Joletrefest med tala ,av lærar Skogrem. 17 mai fest med festtala ,av sk. st. Løkling. Morsfest med tala ,av lærar Bønes. Haustfest med tala ,av lærar Bønes, ,og ein medlemsfest med tala ,av lærar Jersvik.

Ellers har huset vore leiga burt til ,Malands musiklag som ,aransjerte konsert ,og dans, det har ,okso vore leiga til ei filmframsyning ,av sekretar Bakkum: „Til sæters,"

Lysefjorden musiklag har ,okso lånt huset til ein marknad ,og dessutan ut nokre gonger til dansemoro.

På ,alle festar ~~tu det ,okso~~ ,og tilstellingar har ,det ,okso iår vore god tilslutning både frå ungdomen her i bygdi ,og ellers mange tilreisande ,so huset umest ,altid har vore fullt.

Laget tel no 39 medlemar.

So tilslut ei takk til ,alle som har vore med ,og ,arbeit ,og gjord det greit ,og undelekt på møti, ,og so vil eg unskja laget god framgang, og it godt, arbeidsår i det komande, år

Skrivar Ole Sørtvens

Årsmöte!

Laurdagskvelden den 14 desbr. heldt L. U årsmöte som tok til kl 9. Det vart songen No 520 i songboki. Årsmelding samt möteboki frå fyrre möte vart oplese og godteke. Rekneskapen vart ikkje oplese, fordi kasseraren hadde ikkje fått alt greit til dette möte. Det vart no songen No 530 i songboki.

So vart det bore fram um dei skulde gjeva noko gåva til Nils Tveit som var före på siste möte; men som då vart utsett, då det ingen avgjersla vart vedteke. Då dei etter som skrivelsen frå Nore Kesets ungdomslag synte, so viste det seg at det var ei gåva på 60 årsdag til Nils Tveit, og ikkje til det nye bandet, og det vilde dei ikkje ~~gå med på~~ yta noko pengar til, so det vart nedstemt. Det vart so kome med framlegg um at kontigenten var for stor for gutarne. Lars Sörvik kom då med framlegg um att dei skulde setja kontigenten ned til 1 kr for gutar og kr 0.75 for gjentor, og det vart godteke. So vart Ljosglimt oplese av Erling Sperrevik. Til programnemnd til neste möte vart valde Gurina Drange, Jörgina Drange, Nils Kollen og Nils. E. Drange. Til joletrefestnemnd vart vald Olea. E. Drange, Jörgina Drange, Else. Elholm, Anna Kalvatra, Malena Rindedal, Frida Sperrevik, Randi Sperrevik og Borghild Sörvik, Norvald Drange, Ole. E. Drange, Georg P. Drange og Magnus Salbuvik. So var det valg av ny formann og nytt styre. Fyrst var det val på ny formann; Lars Sörvik fråbad seg gjenvald; men [illegible] allikevel samla dei seg mest um han på prövevalget; men då han nekta på kniven; kom det förslag um at dei måtte velgje på Gjersvik, og so vart Gjersvik vald til formann. So var det styre. Dei som vart valde [illegible] var: Kari Kalvatra, Rikard Buena og Emil Drange, og som

varamenn vart valde: Alfred Søvik Borghild B. Søvik og Ole Søviknes. Dei andre ~~[illegible]~~ nemnder som: ettersynsmenn til rekneskapen, utsendingar til Ossanaskipnad, Finasnemd og hus og vednemnd vart att vald dei same som fyrr. Møtet slutta i ½12 tidi med songen 328 i songboki.

Joletrefest 1936

Laurdag den 11 januar heldt L.W. joletrefest i Ljosheim. Han skulde byrja kl. ½8; men på grunn av at ljoset vart burte, og dei måtte hanta lykter byrja han ikkje fyrr kl ½10. L. Mlag spela ein marse og eit musikkstykke fyrst, og so vart songen Ring no klokka songen. Formannen Lasar Gjersvik ynskte so folket velkomen og gav so ordet yver til Lasar Bøtun som heldt tala. Då han var ferdig var det songe, og formannen hadde vist heile lyden med seg dåe han takka Bøtun for den innhaldsrike tala han heldt. So spela musikken ein marsj, og so var det ned i matsalen å få seg mat. Etter at dei var ferdig med borsæta, vart 1ste delen av Ljosglimt oplese av Ingrid Søvik, som hadde fått mykje av både alvor og gaman. So vart det gjengi om joletre ~~att~~, og musikken spela med. Då var trøytte av å gå rundt joletreet, vart resten av Ljosglimt oplese, og so snakka Bønes um Luther; dei etter las Gjersvik nokre stykke. So vart det gått um joletreet att, og Gjersvik spela på orgelet med. So til slutt vart songen Gud signe vårt dyra fedraland, og Gjersvik takka so for det gode frammøte, og den hugnadsame stundi, før han måtte gå; sidan vart det leik. Festen slutta i 3 tidi.

Emil. Drange.
skrivar.

Sundag den 19 januar 1936 heldt L.U. i vanlegt möte som tok til i ½ 9 tidi um kvelden. Det vart byrja med songen. Dagen var fager. Den nye formannen ynskte so alle velkomne til fyrste mötet, og han sa blandt anna at det var ikkje med hans gode vilje at han var komen til å stå her på kateteret, som formann i det nye året; men han likte ikkje å segja nei, og difor so kunde han no pröva å sjå kor det kom til å gå; men han vilde heller ikkje vita av at nokon som sa nei, um det var ein komite å velgja, ~~Har~~ so som: eg vil ikkje vera med, eller eg har ikkje tid o.s.b., og like eins som måtte dei möta upp på lagsmöti presis til den tid dei var sette til, for det vart byrja då, anten det var no få eller mange komne. So vart möteboki lesi og godteki utan merknad. Rekneskapet for 1935 vart upplese, og med nokre små feilar som var uppskrevne på ein lappe av revisorane, som fylgde med i boki godteken. Det vart upp fordring frå laget at heretter so vilde det ha all brutto inn[illegible]koma uppfört for seg, og all utloga for seg, og ikkje som fyrr at det var berre nettoinnkoma som vart uppförd i kassa-boki, av alle dansar og festar som det fyrr hev vore brukt. Dei skulde og kjöpa ei liti bok som revisorane skulde hava å skriva upp alle feilane, når dei reviderte rekneskapet, og det måtte då vera revidert so tidlegt at kassereren i god tid kunde få retta på feilane, og föra dei til under rekneskapet til årsmöte vart halde. So kom det forslag frå formannen um laget vilde yta noko pengar til Norsk Barneblad til borni i skulen. Det var mange som vilde halda det; men det var fordyrt; men visst ~~laget~~ no vilde yta helvti av kontigenten, og so ~~la~~ lesarni ta hi helvti til sjølv, so vilde det verta ein del fleir som vilde abbonera på det, og det kunde vera bra å halda eit slikt blad for borni, både for ~~tale~~ å læra seg å skriva og lesa av. Ordet vart so fritt, og å av forskjellige uttalelsar, vart det røysta yver at dei skulde yta Kr 25: og visst det var noko att skulde resten gå til boksamlingi i skulen. Dette var berre til skulen i Lysefjorden og ikkje i Norvik, fordi dei fekk stydja til barneblad hjå mål-laget i Fana. Det vart so vald programnemnd og vaskenemnd til neste møte og det var: Anna. Kalvatræ Kari. Kalvatræ Ole. Søviknes Mons. Søviknes. Det vart so songen. Det var ein kveld medan tankane sveiv, og deretter las Gjersvik upp or ei liti spanande bok „Når vardane brenn"; fordi bladskrivaren ikkje hadde fått skrive noko i bladet denne gongen; men dei gjekk utifrå at det vart so bra når det på neste møte kom. Det var soleis ikkje meir på programmet denne gongen, og so vart benkane sett til sides, og det vart byrja å leika. Møte slutta i ½ 12 tidi med songen „?"

Emil. Drange
Skrivar.

Laurdag 25de januar 1936 heldt L.U. vanlegt møte i Ljosheim. Det byrja i 9 tidi med songen „Kunskap skal styra rikje og land," so vart møteboki lesi og godteki, og deretter Ljosglimt av Martin Drange. Det var so komen eit brev til laget med takk i frå Nils Tveit for gåva på 60årsdagen sinn; som de veit so var det nedstemt i laget å yta noko pengar til gåva til han; men då det på nytt kom skriv i frå Nore Neset U.lag, so vart det av styret yta kr. 50.- for det var ikkje til gåva, men til eit forn

Sundag den 15de mars 1936 heldt S. U. vanlegt möte i Ljosheim. Det byrja i ½9 tidi med songen 349 i songboki. Möteboki vart lesi og godteki. So vart det komen krav um elektrisk vifta ~~[illegible]~~; men Lars B. Sövik meinte at det var like godt å få ein trekkventil i taket. Dette vart so drøfta ei stund; men dai det ingen avgjerdla vart, skulde husnemndi arbeida ut saki til seinare. ~~dif~~ Det vart so halde [illegible] um dei skulde halda dans 28de mars, eller dei skulde lata det vera til 2dre påskedag. Det vart so ~~[illegible]~~ röysta yver det, og det vart so dans 2dre påskedag med skodespel og marknad. Til marknadsnemnd vart vald:

Emil Drange	Kari Halvetia
Martin Drange	Maria Djupvik
Magnus Salbuvik	Gurina Drange
Jon Rindedal	Olea Drange
Knut Bakarvik	Marta L. Norvik

til programnemnd

Jon Rindedal Georg P. Drange Aslaug Sperrevik Lilly Buena. Det vart og vald 4 stykker til å taka billettar 2dre påskedag Nils Buena Karl Åsen Anna Halvatiæ Borghild B. Sövik. Det vart so leik. Möte slutta ½12 tidi med songen „Fred vilir".

Skrivar
Emil Drange

Söndagskvelden 29de mars hadde L.U. vanlegt möte som byrja med song „Kunskap skal styra".

Möteboki lesi og godteki.

Huset vart brist leiga til Os Arbeidarungdomslag til å föra fram revy og derettir dans 14 dagar ettir påske.

So var vegspursmålet uppteke, um dei skulde gå igong med å völa vegen no i vår, eller dei skulde utsetja det til hausten. Det var tala um å legja ut ei lista, og soleis få friviljuge dagsverk; men då det var so mange ungdomar ute i arbeid, og allikevel so vart det so mykje arbeid ~~f~~ heime på gardane og no um våren at det let seg ikkje gjera. Det vart so sett tvo forslag til avröysting. det ~~1ste~~: at dei skulde utsetja arbeidet til hausten, at dei soleis kunde få eit rimelegare anbud. Det 2dre: at dei skulde setja arbeidet ut på anbud so snart den ökonomiske stoda viste seg til det. Avröystingi vart 2 stemor for det fyrste framlegget og 11 for det andre.

Skråningen ~~d~~ måtte dei taka på pliktarbeid, for dei hadde ikkje råd å legja meir pengar ut no. Han skulde jamnast ut og so såast til ståks etter påske.

Flaggstongi vilde nokre karar taka ned og mala, so framt laget vilde spandera olja og måling på henne.

Saniteten hadde snakka um å spandera koppakokar på laget, og han er no komen.

So vart det upplesing av „Vardane brenn", og då det ikkje vart noko leik, vart det til slutt songen 504 i songboki.

skrivar
Emil Drange.

Sundag 3 mai hadde N.U. vanlegt møte i Fjosheim kl 21. Møte tok til med song. Møteboki vart lesi og godteki Jon Rindedal kom so med Fjosglimt. Ny bladstyrar vart Anna Kalvatla. So var det gjeve melding um at skrainingen hadde vorte noko utjamna og havt noko gjødning på. Diverre var det so turt at det var uråd å så fraet. Det fekk vera til det vart regn. Frammøte var sers dårleg. Utanum form. møtte berre Martin Drange og Eilif Drange. Spursmålet um ventilasjonen i Fjosheim vart so teke upp att. Prisen på elektrisk vifta var kring 85 kr. Dertil kjem so arbeidspengar og ymiskje elles. Trekk-ven til var ei rådd frå å bruka då det vilde verta dyrare og ikkje gjera so stor nytta. Det vart samrøystes vedteke å kjøpa vifta å prøva å få henne installera til den 17de mai. Kvar ei skulde setja henne, fekk ein avgjera etter samrødning med elektrikaren.

Det vart so fyreteke val på nemnd til 17de mai. Etter litt ordskifte vart desse valde Olea Drange Borghild B Sövik Lydia Bakarvik Karli Karlsen Hildur Salbuvik Klara Drange Ingrid Högatra. Hilder Drange Leif Leirvåg Alfred Asphaug Karl Åsen Martin Åsen Edvard Sovikmes Ole J. Drange

Formannen gav melding um at marknaden måtte segjast vera vellukka økonomisk sett. Det var ei brutto innkoma på kring 600 - kr og netto kring 460 - Diverre var det sers få vinstar berre kring 15. Det er lite når ein tenkjer på at medlemstalet er yver 40. Han nemnde at gjentone til hausten fekk skipa samlag og sjå um det ikkje då kunde verta lekare. Elles var og å merkja at gjentone nytta seg svært lite av premiesjetingi so det svara seg neste ikkje å ~~se~~ setja upp premiar til dei, um det ikkje vart betre. Vegspursmålet hadde ingen ting vorte gjort med men vorte utsett for det fyrste etter vedtake i siste møte. Vart og nemnd at golvet måtte oljast til sumaren då det no var noko slite

Laurdagskvelden 24de mai 1936 heldt Lysefjordens. Ungdomslag vanlegt möte som byrja i 10 tidi med songen. Dagen var fager. Möteboki vart lesi og godteki. So vart bladet Fjosglimt lese av skrivar Anna Halvatra.

Av lagsaker var det üm dei skülde halda dans 2dre pinsedag som det vart fyrestemnd og til å ha med dansen å gjera vart valde 4 stk:

Magnus Fatbü
Jon Rindedal
Kari Halvatra
Mida Sperrevik

Meland Müsikklag hadde so spürnad üm dei künde få leiga hüset ei helgi i sümar å halda dans med skodespel. Dette vart so drøfta ei stünd og med åvröysting vart det 11 fyre og 5 i mot som vilde at dei skülde få låna hüset, og so skülde styret seg i millom avgjera når dei skülde få låna det hüset.

So var det üm festen som skülde skipast for gjentorne som Kari Sövik hadde fyre på siste möte; men då dei hadde höyrt at det var mange som vilde heller ha ein tür i sümar i staden for fest kom Emil Drange med forslag üm at det var ~~[illegible]~~ nokre som ~~som~~ hadde snakka üm at dei måtte ta seg ein tür til Lünde på Tysnes, som vilde verta båie tenande og hügnadleg for laget; ~~[illegible]~~ Avröystingi vart for tür til Lünde 24 stemmor og 0 for fest. Noko tür komite vart ikkje vald, so det vart styret som stoll fyre det. Noko andre lagsaker var det ikkje då, og möte slutta i 12 tidi med songen.

.. Fred hviler over land og by.

Skrivar
Emil Drange

[redacted]

Forsettelse av 3 mai.

Formannen kom so med spurnad um laget ynskte noko festleg tilskiping før lagsarbeidet vart [illegible]v slutta i dette året. Det var vonlag sume stader a ha det. Lars. B. Sövik meinte at det no etter at gjentone hadde havt fest for gutane, so kunde det vera hövelag at gutane skipa til [redacted] fest for gjentone. Dette skulde nærare avgjerast på fyrste Möte som skulde vera laurdag 23 mai Kl 21

Då det ikkje vart leik, möte slutta med songen. Fred hviler over land og by.

For skrivaren
Alfr. Gjersvik

Laurdagskvelden 26/9 heldt L. U.
vanlegt möte som byrgja med songen Dagen var fager. Möteboki vart lesi og godteki. So var det um kva tid dei skulde ha haustfest, og då dei ffestar var fyre at dei måtte ha festen den 10 oktob vart det fastsett. Til programnemnd vart vald.

Nils. E. Drange
Alf P. Drange
Knut. Bakervik
Karl. Åsen
Ole
Olla. Söviknes
Mons. - - - -

Margit. Drange
Jörgina. — —
Petra. Söviknes.
Borghild. B. Söviik.
~~Anna. Kal~~
Kari. Kalveta.
Anna. Rindedal
Agnis. Sjöböin.
Hildur Salbuvik

Fana Idrott og Musikkforening hadde so söknad um huset 10 oktbr; men då me sjölv skulde ha haustfest gjekk det vekk.

Til programnamnd vart vald.

Jon. Rindedal
Nils E. Drange

Kari. Kalveta.
Petra. Söviknes.

Formannen kom so med framlegg um ~~dei~~ ungomslaget vilde yta noko til Loen ulukka, og vist dei vilde yta noko, so måtte det vera 100.- kronor. Han sette det so ut til dryfting; men som dei andre lagsmöti so sat dei stille og ikkje sa noko anten mot eller med gjekk det til avstemning, og det vart einstemmingat dei skulde gjeva 100 kronor til dei etterlatne i Lodalen! Det vart so leik ei stund utyves kvelden. Til slutt vart songen 489 i songboki.

Skrivar
Emil. Drange.

Laurdagskvelden 10 oktobr held L.U. haustfest.

Festen tok til i 9 tidi üm kvelden med song. Formannen ynskte so festlyden velkomen og gav so ordet yver til skulestyrar Naustdal og deretter vart songen „Kunskap skal styra". Lysefjordens Müsikklag spela og på festen fyre og etter fyredraget. Det vart so i matsalen å få seg mat og kaffi; men då det var so mykje folk vart det fleire bordsetjingar. Lensmann Dahl var og med på festen og skulde halda orden üm det skulde verta noko balade utyver natti; men som de sjøl veit so tok han sjølv styringi yver heile festen som alle misslika. Spelemann~~en~~ til dansen var M. Iversen. Festen vart avlyst i ½2 tidi av lensmannen.

~~Laurdag~~ Sundag 8-9 heldt L.U.

vanlegt møte som tok til med songen 437 i songboki Formannen kom so fram med nokre ~~små~~ bøker som han les uppor nokre små stubbar som han meinte at laget måtte få setja i saman til kvart møte dei heldt då det kunde verta meir innteressa for lagsarbeidet; men det vart ikkje noko avgjersla üm dei skulde gå i gong med da. So var det søknad i frå Os turnforening üm leiga av huset no då „Fjellheim" var uppbrent og so hadde Rokklubben „Kamp" søknad üm huset; men fyrst so skulde laget sjølv ha medlemsfest og der etter ein dans med skodespel fyre jol, so noko leiga av huset vart det ikkje fyre jul so det fekk stå ute til yver „Nyåret". Lagsfesten vart set til laurdag 21 novbr og dans med skodespel til 12 desbr. So vart „Ljosglimt" opplesen av Nils Bruera og til ny bladskrivar vart utteken Edvard Sørviknes. Møteboki vart uppelesi og godtekí med nokre merknader üm nokre datoar og nokre andre små feilar.

De vart og valt 10 stykkje til å taka ut Skodespel og som skulde vera faste spelarar i laget og dei var: Emil Drange Martin Drange Johs P Dr Alf P Drange Haldor Kollen Borghild B Sövik Kari Halvatka Ingrid Sövik Marie Djupevik Elna Aspe-haug

So var det um leikarskeidet um dei skulde gå i gong med det fyre jul eller det skulde vera til etter jul og kven dei skulde få til leikleidar når dei skulde gå i gong anten Harald Sövik eller Ingval Hålås. Ja dette vart utsett til etter jul. Det vart so leik utyver kvelden ei stund.

„hagsfest!"

Laurdagsfesten den 21 novbr vart det halde hagsfest i ungdomshuset. Folket kom helst seint som dei plä gjera; men ~~[illegible]~~ ~~[illegible]~~ med dei venta på folket spela hornmusikken nokre marsar og Vetås med slagverk spela og nokre stykkje. Framimot to tidi byrja festen med songen „Kva me vil ungdomsfolk". So ynskte Nils Buena som var festleidar alle vel komne til fest og at det måtte verta ein gild fest, og gav so ordet yver til Nils Flesland som heldt festtala og han sa ~~[illegible]~~ fyrr han byrja at når dei ~~gong~~ denne hadde teke vegen upp til han for å få fyredragshaldar so fekk dei ta som det kom. Han snakka um natur og bygdeliv og Setraliv austpå som var inntresant å höyra um. Etter tala vart songen „Me heisar vårt flagg". og. so var det til grautebordet å eta graut med kringlor og pölsa til som vanleg mat. Flesland er med til grautebordet so ~~fekk~~ ~~[illegible]~~ a grautavisi songen og det vart ~~[illegible]~~ kvelden ~~og~~. og. So var det i dansesalen at ~~å~~ til å dansa gammal rund dans og tyterinlendar Kustepp og hanegang og alleslags dans etter som Högabraun på hardingfele og Vetås på

tekspel kunde makta å få til. I 2 tidi var det i matsalen atti; men då var det ikkje graut; men kaffi og fint brød; med kaffivisa tå Flesland.
Sidan utyver natti var det dans til det vart slutt ut på morgonen i 1/2 6 tidi.

Årsmelding for 1936

Lagsarbeidet hev i året som gjekk, vore mest som vanleg. Laget hev havt 9 vanlege møte. Eit tillyst møte vart ikkje av då der ikkje var fram møte til det. Programmi hev helst vore i tunnaste laget. Nemndene som skulde syta for dei, hev synt for lite innteressa for å gjera dei meir skiftande og rikare, og dei hev difor mest stött vore eins. Som avslutning på fyrste halvår vart skipa tur til Lunde på Tysnes. Ein koseleg tur for dei som var med.

Elles hev ein i arbeidsåret sytt for å få hit tvo ferda talarar som hev reist i Hordaland ungdoms~~lag~~ samskipnad, og dei samla mykje folk. Festane hev i år og vore 5 i talet. Talarar på desse hev vore: på jolefesten lærar Bötun, foreldrefesten lærar J. Vik, 17de mai lærar O. Omvik, haustfesten lærar lærar Naustdal og på lagsfesten pastor Nils Flesland. Festen hev alle vore vellukka utan noko serssjemmande for laget. Huset hev elles vore leig burt til ymse lag. Ein kan nemna. Det Norske Tonfilmteater som synte fram talefilmen Per Gynt. Nasjonal Samling som utan um fyredrag synte fram ein kultur film frå Færøyane. Melands Musikklag hev og i år havt huset til skodespel og dans, og so fekk me ein bra revy frå Os, tilskipa av Os. Arbeiderungdomslag.

Musikklaget hev og lont huset til framsyning av skodespel og dans, og so marknaden sin.

Lysefjordens Sanitetslag fekk og nytta huset til 40 årsfesten sin med med marknad. Ein kann med same nemna at det gav ungdom laget servisekoker, ei god og sers velkomi gåva.

Ved alle festar og tilskipingar hev her stødt vore stort frammøte, stundom for stort. Det synest at folk både innan- og utanbygds, likar seg i „Ljosheim" og ei vil vona at det umdøme som huset og laget hev vunne, ikkje må spillast, men at ungdomen i fjorden stend vakt um det

Av arbeid og nyskipingar som hev vore utførde i året, kann nemnast vegen upp til „Ljosheim" Han kom på Kr. 330.- Arbeidet vart utførd av Olai Søviknes, etter tilbod. For å hjelpa noko mot støvplåga i huset, hev me og fengje elektrisk vifta innsett. Ho vart innsett av G. Klyve for Kr. 140.- fiks ferdig. Dessutan er flaggstongi måla, golvi olja. Arbeidet utførd gratis utan annan kostnad for laget enn til måling og olja. – For å letta kontrollen ved festar ~~og~~ dansar og andre tilskipingar hev og fenge nye høvelege bilettar, som skal takast i bruk i det nye arbeidsåret. So hev laget gitt Kr. 100.- til Hoen-innsamlingi, og eit par andre gåvor. Soleis halve årspengarne til dei som tinga „Norsk Barneblad".

Me hev soleis havt store utlogor i året, men hev makta dei ved sida av dei faste rentor og avdrag. Meir ~~hev~~ enn det fastsette avdrag hev me likevel ikkje klart, som ventande er. Ved årsuppgjerdet pr. dato hev laget ein kassamidel på Kr. 298,48 utan noko serst lausskuld. Ein fær soleis segja at den økonomiske stoda til laget er god. Ein vil so til slutt ynskja at lagsarbeidet i det komande år, må verta eit arbeid der alle i laget vil syta sitt beste, so det kann verta meir fart og hugnad i det til laget og den einskilde sitt beste.

Styret

Årsmøte 1936

Årsmøtet vart halde i Lysefjordens ungdomslag laurdagskvelden 12 desember. Møtet vart opna med songen. Kva me vil ungdoms flokk. Frammøtet var ikkje stort med same, men litt etter litt auka det so vart tolegt bra.

Ein fekk so uppsett frå siste møtet og lagsfesten, og dessutan årsmeldingi frå 1936. Det vart godteke utan nokon merknad.

Samandrag av rekneskapet vart so upplese. Det syner at laget har ein kassamiddel på 248 kr. Då rekneskapet ikkje var ettersett av ettersynsmennene, skal desse merknader um der vert slike, verta tekne upp på fyrste møtet. Elles vart rekneskapet godteke fyrebils slik som det fyrelåg.

Ein gjekk so yver til val av formann.

Verande formann. sa frå seg att val og det vart so teke prøve val. Desse samla då flest röyster: Emil Drange, Nils Kollen, Edv. Soviknes. Alle desse nekta og bad seg fri. Men etter det avgjerande val samla Nils Kollen flest stemmer, og vart soleis vald.

Med i styret vart valgd:
Borghild P. Sovik, Nils E. Drange, og Edv. Soviknes.

Varamenn vart Emil Drange, Kari Kalvatra og Martin Drange.

Som Ettersynsmenn for 1937 vart vald Nils M. Drange og Alfred Gjersvik. Dei same vart og vald til utsendingar til Os ungdomssamskipnad. Med i finansenemnd vart Emil Drange, Kari Kalvetra og Ole Dyppevik. Til husnemnd vart Malvik Sovik, Peder Soviknes og Georg Drange.

Etter talen vart songen: Dei vil altid klaga og kyta. So vart bladet upplese av Alfred Gjersvik, som han gav til Ingrid Sovik.

So gav formannen melding um ymse ting som tilhöyrde huset. Dei nye bilettane var komne og framlagd til ettersyn.

Juletrefesten vart so [illegible].
Til festnemnd vart dei valde.
Aslaug Engelsen, Marta Norvik, Ingrid Sovik, Jörgina Drange, Maria Dyppevik, Emma Skåtöy, Lydia Bakervik, Kari Kalvetra, gutar Ole J Drange Leif Lervåg

Knud K. Bakervik og Nils Bodenne.

På mötet vart og löyvt kr 25. til halve årspengar til dei som tinga „Norsk Barneblad" her i krinsen. Det som ikkje vart nytta til det, skulde gå til barneboksamlingi i skulen. Mötet slutta med songen Kunnskap skal styra rike og land. Etter på vart det leika ei stund utyver.

For Skrivaren
Nils E. Drange

Joletrefesten. 1937.

Andre nyårsdag hadde Lysefjordens Ungdomslag joletrefest i Ljosheim. Tidi var sett til 8. men då veret hindra, vart det lyi folksamt fyr fram i mot 9.

Umlag alle ungdomen i fjorden var samla og ein del eldre med. Etter songen: „Himmelske Fader" var sungen opna formannen Nils Kollen festen, og ynskte alle velkomen. Så gav han ordet yver til foredragsholdaren Lærar Rötum, som heldt ei (interessant) spennande festtala for alle. Etter talen vart songen „Kling no klokka", og so gjekk alle i (Ulvatsalen) kjellaren som stod med dukka bord. Sidan gjekk alle rundt jole tre både unge og eldre.

Imellom pausane spela mensikken, og då Ingrid Sovik ingen ting hadde fått til bladet, vart det ikkje med. Istaden las Gjersvik upp nokre stykke både av moro og alvår. So vart det gång um jole-tre att, og Lars Gjersvik spela på orgelet att åt. Då det leid ut på natti, tok dei eldre til å sigla heim, men ungdomen stoppa på og leika seg ei stund fram etter.

Skrivar
Nils K. Drange.

Lysefjordens ungdomslag hadde h. møte i Ljosheim laurdagskvelden 16 januar. Mötet opna med song „Mo til annan enn gaman og kja-Fa. So vart møtboki upplesi og godteki, med ein merknad, at lovi segjer det skal vera 4 st. med i husnemnd, som berre vart valgd med 3 mann. 4. de mann i nemndi vart valgd Martin Drange. Leikarskjei vart so dryfta, menn då laget ikkje hadde fått nokon til ledar, vart det gjeve lagt til styret å få det i sving.

Då det var fleire som hadde bode seg til å grava i kjellaren utan arbeidskostnad, teke att det var påkrevd, vart det ved-var i stigande, og då materialen teken til, vart husnemndi ut til å rekna ut kor mykje det skulde til, og få materialen på plass.

sikken, og då Ingrid Lovik ingen ting hadde fått til bladet, vart det ikkje med. Istaden las Gjersvik upp nokre stykke både av moro og alvår. So vart det gång um jole-tre att, og Lars Gjersvik spela på orgelet att åt. Då det leid ut på natti, tok dei eldre til å visla heim, men ungdom stoppa på og leika seg ei stund fram etter.

Skrivar
Nils E. Drange.

Lysefjordens ungdomslag hadde h. møte i Ljosheim laurdagskvelden 16 januar. Møtet opna med song "Ho til annan enn gaman og kjæta." So vart møteboki upplesi og godtekji, med ein merknad, att Lovik segjer det skal vera 4 st med i husnemnd, som berre vart valgd med 3 mann. 4.de mann i nemndi vart valgd Martin Drange. Leikarskjen vart so drøfta, men då laget ikkje hadde fått nokon til leidar, vart det gjeve lagt til styret å få det i sving.

Då det var fleire som hadde bode seg til å panela i kjellaren utan arbeidskostnad, vart det vedteke att det var påkrevet, og då materialen var i stigande, vart husnemndi utteken til å rekna ut kor mykje det skulde til, og få materialen på plass.

Laurdags kvelden den 7/3 heldt Lygrefjordens ungdomslag vanleg lagsmøtt i Ljosheim. Møtet opna med songen "Det dagast i Norge". So vart møteboki upplesi og godteki. Leikarskeidet vart drøftat att, um det ikkje kunde vera betre å venta med det til hausten, so at det kom betre til nytte då en no; men stemningi frå laget vilde hava det i sving snart. Formannen skulde og høyra etter Berse Bønes til leikleddar. Då ikkje Ingrid Sørvik var som hadde bladet, vart det upplest av skrivaren, som gav at ~~og gjere~~ gjevet til Aslaug Tungeson. So vart det valt 3 st. til kontrolørar til neste dans. Dei som vart valgt var Steffen Aasen, Nikkolai Vik og Marta Norvik. Vogt munde ~~Ingvar~~ so taa, ved at Songen. Då det so skulde vera diskosjon, men då diskusjonsleidaren ikkje var møtt fram, vart det halde spurnsmålskasse i staden. Til programnemnd til neste møte vart valgd Jon Reindedal, Leif Lovåg, Aslaug Tungeland og Alida Tungeland.

Til slutt vart songen "Fager kveldsol smilar"

Ingvar

Nils K. Drange.

Laurdags kvelden den 7/2 vart det halde vanlegt lagsmöt i Gjærheim. Mötet tok til med songen, Å leva det er å elska. So helt Lavar Gjersvik eit liti minne tala om den bortfarne Harald Sövik som gjorde eit djupt inntrykk på alle i laget. Möte bokji vart so upplesi og godteken. Maanadsnemd vart so utteken, med i nemdi vart

gjetar
Ole J Drange
Peder Söviknes
Nils Bodume
Karl Åsen
Hans Åsen

gjentor
Borghild B Sövik
Tone Gjersvik
Anna Rindedal
Leli Torvik
Elina Bjørnvik

Med i program nemdi vart Mons Söviknes, Lars Fossen, Magnhild Engelsen og Lilli Bodume.

Leikarskeidet som har vore dryfta i lengere tid, vart utsett til hausten. Då ordet var fritt, kom Lavar Gjersvik um framlegg um til å anskaffa gardinstokkar for glasi, so gardinene kunde hange betre i orden. Til det vart den same utteken å spyrgja etter prisar og skaffa dei til rettes vist han fann det höveleg. Til slutt vart songen, „Fred vilen over land og by"

Skrivar
V E Drange

Laurdagskvelden den 17 april vart det halde vanlegt lagsmöte i Ljosheim. Mötet opna med songen „Å nei for himmel rein og klår"

So vart möte boki upplesen og godteki, og etterpå vart lövane for huset upplesne av formannen.

Lysefjordens ungdomslag skulde i år, som andre år festleg halda den 17 mai. Med i komiteen vart valgd: Jørgine Nyheim, Ervin Hegvik Lydia Bakervik, Martin Norvik Dina Norvik Marie Djupevik, Solveig Engelsen, Kari Kalvetræ

Magnus Bakervik, Lars Forsen, Mons Sjøkrnes Ole Nøstione, Jon Rindedal. Nikkolai Vie

So vart det vedteke at ungdomslaget skulde taka ein båttur ~~på~~ utflukts-tur. Til det vart valg ei nemnd til å utarbeida turen på sitt beste.

Med i nemndi vart: Edvard Söviknes, Haldor Kollen, Laura Bakervik og Kari Kalvetræ.

Pröven på gardinstokkar vart so framsynt, og vart vedteke att det skulde kjöpast for alle glasi i salen.

So fekk me höyra Ljosglimt av Martin Dvange, som han gav til Laura Bakervik til neste gong,

So vart det halde diskosjon um Dansen ei stund fram etter,

som vart innleidd av Lærar Gjesvett,
og til slutt vart so songen
Fred vilar over land og by.

Skrivar
Nils E. Bauge

Laurdagskvelden 9 oktober hadde Lysefjordens ungdomslag haustfest.
Festen tok til i 9 tida um kvelden med song. Formannen ynskte so alle velkomne, og so fekk ~~me~~ festtala av Lærar Løkling~~en~~. Etter på tala vart det songen. Formannen med festlyden takka so Lærar Løkling for ~~[illegible]~~ festtala.

So vart det høve til å få mat og kaffi, og folket fekk gå ned i matsalen som stod med dekka bord. Då det ikkje var plass for alle, måtte ~~[illegible]~~ andre venta til etter på.

Etter på mat ökti, vart det framsynt eit par tablå.

So vart benkene sett til sides, og salen vart ~~salen~~ rydda til dans.

Ed. Vetås spela so upp til dansen som gjekk lystigt for seg, til festen vart av lyst i ½ 3 tidi um morgonen.

Skrivar.
Nils E. Bauge.

Sundags kvelden den 21 november vart ~~et~~ det halde vanlegt lagsmöte i Ljosheim. [illegible] skyttarlag hadde lån av huset, vart lagsmötet gjort so kort som råd var.

Möte tok til med möteboki, som vart upplesi og godteki utan merknad. So vart det valgd programnemnd til lagsfesten som laget skulde skipa til. Med i nemndi vart valgd Alf O Drange, Carl Drange, Nils Bakkane, Einar Spjenevik, Else Drange, Anna J Drange, Jörgina Drange, Else Bakkane, Ragnhild Spjenevik og Maria Skjævik. So kom det framlegg at det måtte vera fest i Styre, som måtte vera betalt gjennom 14 dagar fyre årsmötet. So vart det drøfta um Ungdomslag skyting som vart skoten 2 gonger i år av di det vart sløyfa ifjor. Enden vart at dei som hadde skote begge gonger skulde få lagspengane for 1 eller siste året tilbake betalt. Til slutt vart so nokre paragraffer av lovene uppleste for å gjeva alle uppmerksomhet på dei.

Skrivar.
Nils K Drange.

Laurdags kvelden 4/12 skipa Lysefjordens Ungdomslag til medlemsfest. Festen vart sett til kl 8 men då folket kom i det seinaste vart ikkje festen teken til fyre fram i mot kl 10. Formannen ynskte so alle vel komen, og takka so Lars Bjånes for han alltid hadde vore so i mötekomande mot laget og var

viljug til å halda festtala til oss denne
gangen og. so vart songen Nr. 486 songboka songen
og so fekk me festtala av Sønes.
og etter tala vart so songen Nr 412.
Då grauten ikkje var ferdig endå
vart benkene til sides sett, og Vetås spela
upp til nokre dansar medan dei venta.
Kl. 12 tidi var grauten ferdig, og so vart
det gått i matsalen med spelmannen
spela ein mars i spissen. Fleslanden
song so grautavisa og alle tok til
seg med god matlyst. Etterpå las Rikkar Bokerne upp nokre morosame program
og so vart det mars i salen att. Fleslanden las so upp nokre stubbar, og etterpå vart det framsynt nokre taklåsjettar.
So vart det dansing att til fram i mot
3; men då tok festlyden til å slutast, so
det vart gått i matsalen att få ein
kopp kaffi. Moroa tok so til att og
heldt på til fram på morgonsida og
slutta åv etter kvart.

Skrivar
Nils Eidange

Aarsmelding 1937.

Atter er eit arbeids år gått i Lysefjordens Ungdomslag.

Lagsarbeidet hev vore som vanleg heldst i det tunnaste laget.

Laget hev halde 9 lagsmøte 5 festar 12 danseleikar og av dei vart halde 2 i 1936 men kjem med i dette rekneskapsåret.

Programmet på lagsmøti hev vore heldst tunt, av di lagslemene ~~på~~ som hev vore med i nemder hev vore lite iteressera i få likt og lærerikt program.

Ein diskusjon vart og prøva på eit møte som lærar Gjerdsvik innleida, amne var „dans" men det var helds få som snakka ut. Festane hev vore rikhaldige med godt underhald. Altid mykje folk hev mødt upp, so det visa at folk hev likt seg godt. Stundum alt for mykje folk.

Talarar på festane hev vore: Juletrefesten: Lærar Bothun foreldrefesten Sokneprest Flåtten. 17 mai Lærar Skogen Haustfesten Skulestyrar Likling og lagsform Lærar Bones.

Huset hev vore leiga burt og so, 1 dans til Os Skyttarlaget og Os Skyttarlags sin vanlege årsfest.

Av arbeid som er utførd i laget må me nemna paneling i maksalen i „Ljosheim". Arbeidet er utførd gratis av lagslemene, men laget hev halde materialer. Likevel kjem utgjore på ca 175,– Kr

Av pengar hev laget gjett kr 7,50 - til
tinging av „Norsk Barneblad" til borni i
Lysekloster skule. Pengane som vart löyve
soleis at det skulle verta fleire som tinge bladet.
Laget hev ogso ~~fatt~~ seg 1 bord og 6 stolar
som skal brukast til ~~til~~ servering, under
framvising av skodespel. Utstyret kosta kr 40,—
Laget hev havt eit godt år når me skal
rekna innkoma. På laget sin eigedomen
er avbetalt kr 1450. På året byrje var
skuldi kr 5150— nu kr 3700.
På årsuppgjerdet dags dato er laget sin
kassmiddel kr. 105.63 so me må segja laget
stend seg godt.
Me vil so til slutt få ynskja ~~laget~~
laget ein god framgong vidare at
lagslemen må gjera sitt beste til at
det verte meir inntressa og at det verte
meire hugnadleg og godt lagsarbeid.

S. Hyret.

Årsmøte 1937.

Årsmøte vart halde i Lysefj. u.l. laurdagskvelden den 11 des. 1937. Møtet tok til i ½10 tidi med songen: "Kva me vil, ungdomsflokk"! Det vart diskutera um dei skulde taka 7 i styret i staden for 4, men dette vart ikkje vedteke. (Finansnemndi vart sløjfa)

So vart det val av festnemnd til joletrefesten. Desse vart valde: Martin Åsen, Karl Åsen, Norvald Drange, Eilef Drange, Borghild B. Sørvik, Laura Bakervik, Aslaug Engelsen, Karly Karlsen, Petra Sørviknes, Margit Engelsen, Emma Skotøy og Solveig Balland.

So gjekk dei over til val av ny formann. Nils Hollen sa frå seg gjenval. Fyrst vart det prøveval og sidan det avgjerande. Nils Evensen var vald til ny formann.

Då dette var gjordt, var det nytt styre som skulde velgjast. Det var gjordt på same framgangsmåten, og avgjerdsla vart soleis: Georg Drange 23, Borghild B. Sørvik 19, og Martin Drange med 14 røyster. Varamenn vart: Haldor Hollen, 13, Laura Bakervik, 11, og Nils Hollen med 9 røyster.

Revisorar vart gjenvalgt: Alfred Gjersvik og Nils N. Drange. Desse to skulde og stå fyre å få greida på korleis det stend til med Os Samskipnad.

Hus og vednemnd vart valde: Malvin Sørvik. Peder Sørviknes, Ole J. Drange og Haldor Hollen.

Møteboki vart upplest og godteken. Borghild Sørvik las upp årsrekneskapet, det var greidt i frå seg gjordt og vart godteke utan merknad.

Nils Hollen ynskte so den nye formannen og styret ~~til~~ lukka med jobben og vonar på eit godt ~~arbeid~~ samarbeid det komande år.

Nils Evensen takka den gamle formannen for strevet i 1937.

„Ljosglimt" vart upplesen av Georg Drange.

Møtet slutta i 1/2 1 tidi med songen „Fred kviler over land og by."

Skrivar
Georg Drange

Joletrefesten 1938.

Laurdag skvelden den 8. Januar, ~~var det~~ hadde Ljosgl. u.l. joletrefest i „Ljosheim". Festen var sett til kl. 20, men tok ikkje til før i 21-30 tidi. Formannen ynskte lyden eit godt år og velkomen til festen. (Songen nr: 271 3.f.v.) vart sungen. Han gav då ordet yver til lærar Bøtun som heldt ei framifrå god festtale. ~~Af~~ Etter tala vart dei 2 siste v. av 271 songen, og formannen takka Bøtun for den gode tala. Musikken spela då nokre nr. So for det i matsalen som var vent pynta. Etterpå vart det gang rundt joletreet, og ~~Musikken~~ Gjersvik spela ~~med~~ på orgelet. I ein pause vart fyrste delen av Ljosglimt upplesen av G. Drange. Det vart få gang kring joletre att, og no spela musikken med.

Georg Drange song nokre songar til underhaldning, og Gjersvik spela på orgelet. Ei stund etter vart siste delen av Ljosglimt upplesen av G. Drange.

Seinare las lærar Gjersvik nokre moro-same stykke. Då det leid frampå natti, vart dei eldre trøytte, og rusla heim; men ungdomane

[illegible] til å leika, og held på til det var ùmlag 3 ùm natti.

Georg Drange,
Skrivar.

Laurdag, den 15. januar 1938 hadde Sypefj. U.L. vanleg lagsmøte. Møtet var sett til kl. 21. men tok ikkje til fyrr kl. var yver 21-30. Songen „Alle heisar vårt flagg," vart sungen. Frammøtet vart svært bra, og den nye formannen ynskte alle velkomne til 1ste møte i det nye årett.

Han tala b.a. ùm å få istand nokre tablå og underhaldning på kvart møte, so kanskje kunde dei då få meir interresse og møta litt presis fram.

Møteboki vart ùpplesen og godteken ùtan merknad. So vart det val av programnemnd til næste møte: Alf Bjørvik, Norvald Drange, Jøigine Nyheim og Laura Bakervik vart valde. Det vart då bestemt å ha dans laurdag den 22de jan. og til å ordna med dette vart Edv. Søviknes, Peder Søviknes, Anna Halsetra og Maria Djùpevik valde. Ymse lagsaker vart diskutera, bl.a. var det på tale ùm å få istand eit leikarskjei. Etter avrøystingi viste det seg at nesten alle hadde lyst å vera med å leika, og styret skulde ordna med dette, og få det i gang so snart råd var, då dei meinte at no var det beste tidi. Dette skulde ein koma attende til på næste møte.

Formannen las ùpp eit godt stykke av arbeidarmagasinet, men ein del av lemene var uinteresserte, eller me kan segja usiviliserte og sat svart uroleg so det var nesten uråd å få tak i det."

Etterpå ~~va~~ fekk me ein spørsmålskasse, og denne kvarsta toleg bra moro. Møtet slutta i 24 tidi med songen „Gledelig Nyttår."

Georg Drange
Skrivar

Sundagskvelden den 30 jan, 1938 hadde Lygref: ungdomslag vanleg møte. Møtet tok til i 20/30 tidi med song nr: 412. „Alltid freidig når du går."

Møteboki var uppelesen og godteken utan merknad.

Det vart so valt nokre gutar og gjenter til å syna fram nokre tablå til næste møte. Desse vart valde: Johns- Georg- Alf og Eilef Drange. Laura Bakervik og Else Buena. Det vart so bestemt å ha foreldre- ~~[illegible]~~ fest den 13, febr. Med i komiteen vart: Leiv Leirvåg. Nils Buena. Johns. Sperevik Edv. Lørikenes. Lydia Bakervik, Lydia Norvik, Olea, Margit, Gurina Drange.

Formannen las upp eit skriv fra Nesttun U.lag. Dei bad um å få låna huset ei av dei fyrste helgane. Det vart då bestemt at dei skulde få låna huset mot 50 kr. i husleiga. Leikarskeidet skulde taka til den 13. Febr. 1938 (etter foreldrefesten.) med Vittsten som instruktør. Losje Ole Bull hadde og bedt um å få låna huset ei helg. Dette vart vedteke. Formannen tala so um diskusjons på kvart møte. Det var 2 forslag til diskusjonsemne. Eit frå Borghild B. Sövik og eit ifrå Alfred Gjervik. Etter avrøysting synte det seg at Gjervik sitt forslag fekk mest røyster. Forslaget var „Kvifor vil ikkje alle lagsfolk vera med i det aktive lagsarbeidet." Det skulde diskuterast på næste møte. Georg Drange skulde innleda diskusjonen.

Laura Bakkevik sa seg viljug til å pussa ovnen.

Gjervik heldt fram at laget måtte kjøpa kannor og mugger, då det ikkje var so greidt for komiteen å draga slike ting med seg. Dette skulde ein koma attende til på eit seinare møte.

Møtet slutta i 22-30 tidi med song nr: 258 „Fager kveldsol smiler".

Georg Drange,
Skrivar.

Laurdagskvelden, den 12. febr. 1938 hadde Lysefjordens U.L. vanlegt møte. Møtet tok til i 21/30 tidi med songen nr: 600. Møteboki vart upplesen og godteken med nokre merknader frå Skrivaren. Det vart synt fram eit tilbod; men Sceneteppet var i orden og ymse anna gjorde seg gjeldande, so det ~~fekk~~ vart valt anna enn fullkome. Programnemnd til næste møte vart Nils Bruerna, Malvin Sövik, Else Bruerna og Aslaug Engelsen. Songen Nr: 316 vart då sungen. No var det diskusjonen som stod for tur, men innleidaren hadde gløymt opskrifti heime, og var ellers for tjukk i klumpen til å ta i ferd med det; men det skulde diskuterast på næste møte. I staden fekk me ein spørsmålskasse med mange rare spørsmål og svar. Sidan las Alf Drange upp eit lite stykkje. Etterpå vart det leik. Møtet slutta i 24 tidi med Song nr: 205 „Det stig av hav eit alveland."

Georg Drange,
Skrivar

Laurdagskvelden, den 5. mars 1938 hadde Lysefj: U.L. vanleg lagsmøte. Møtet tok til i 21/30 tidi med songen „Alt får min skunde gjera." Programnemndi hadde ikkje fått istand noko underhaldning, og ein gjekk difor over til lagssakene med same. Møteboki vart upplesen og godteken med ein merknad.

Programnemnd til næste møte vart:
Aslaug Gundersen, Kitty Pettersen
Martin O Åsen og Martin H. Åsen.
Martin Drange gav „Ljosglimt" til Else Drange.

Ein gjekk so yver til val av marknadsnemnd. Desse vart valde:

Leiv Leirvåg
Einar Engelsen
Jon Rindedal
Kristoffer J. Drange
Elias A. Drange
Haldor Kollen

Lydia Norvik
Else Boderne
Magnhild Engelsen
Margit Drange
Magny Drange
Laura Bakervik

Det vart so vedteke at laget skuld skipa til dans laurdag den 12.

mars. Georg Drange innleda so til diskusjon om „kvifor vil ikkje alle lagsfolk vera med i det aktuelle lags arbeid". Det var ikkje svart mange som deltok i diskusjonen; men det var likevel moro å høyra dei ymse meiningar; lat oss difor halda fram med diskusjon på kvart møte, so kanskje får ein på den måten fleire og fleire med til å uttala seg.

På næste lagsmøte skulde ~~formannen~~ ~~Atle O. Drange~~ Borghild B. Sörik innleda til diskusjon emne: „Skule og skulegang."

Etter diskusjonen vart songen „Dei vil alltid klaga og kyta"

Etterpå vart folkeviseleik til kl. var framiant 24/30.

Georg Drange,
Skrivar.

Merknader:

Takkekort frå Ragnhild Drange for kransen til Johannes Drange si båra.

Formannen held ei kort tale um han og lyste fred yver hans minne.

Det vart vedteke at det skulde vera leik og turdans søndagskvelden den 6 mars kl. 20.

Skrivaren

Laurdagskvelden, den 19. mars 1938 hadde Lysef: ungdomslag vanleg lags-møte. Møtet tok til i 22 tidi med songen „Å ni for himmel rein og klår".

Møteboki vart upplesen og godteken utan merknad. Det var kome spurnad i frå Nesttun godtemplarforening om å få låna huset fyrstkomande laurdagskveld; dei vilde syna fram eit spelstykke og nokre filmar; men då det skulde vera samtelsleadar i Uradalen, fann ein det ikkje høveleg. Ein vart so einige um å lata dei få huset næste helg um dei spurde. Husleiga skulde vera kr 30.- tredive kronor. Programnemnd til næste møte vart Ole Norström, Anfinn Spervik Margit Spervik og Magnhild Spervik. Det vart ikkje diskusjon.

Aslaug Gundersen song nokre vakre songar og spela på gitar. Etterpå fekk ein höyra „Ljosglimt" av Eilef Drange. Han gav boki til Peder Strijknes ~~Nils Böena~~. Songen „Mitt bu min heim" vart då sungen. Det vart då leik til kl. var framimot 24. Møtet slutta med songen „O, tenk på Gud i ungdomsår"

Georg Drange
skrivar

Styret hadde teke seg rett til å kjöpa ein pic-up. Den kunde vera god å ha i mange tilfelle.

Sundagskvelden, den 2. april 1939 hadde Lysefj. u.l. vanleg möte. Möte tok til i 21.30 tidi med Song

Möteboki vart upplesen og godteken med ein merknad / det var Peder Sövikenes som hadde fått Ljosglimt og ikkje Nils Buena; men dette var ikkje skrivaren gjordt opmerksam på. Det var elles bytt um bladskrivar innbyrdes, soleis at det var Edvard Sövikenes som hadde bladet. Han gav bladet til Laurits Bakevik.

Programmund til næste möte vart: Nelly Nordvik, Dina Nordvik Olav Sövikenes og Sigv. Fosse (Song: „Uppå fjellet".

Det vart då dryfting av ymse lagsaker – bl. a. var det kome spursmaal frå 2 lag um utlaaning av huset. Det eine var frå ~~Norttum~~ Fana idr. lag. og det andre var frå Nordre neset ungdomslag. No var det slik at anten måtte båe lagi få laana huset eller so ingen. u.l. fant det difor best å segja nei til båe lagi. Det var ingen diskusjon på dette mötet kvelden möte På dette möte hadde ein fått lånt både grammofon og plater og radio so det var ~~var~~ ikkje mangel på underhaldning. Det vart so folkeviseleik og turdans og ymse anna til kl. var framimot ½1. Möte slutta med songen: „Å leva, det er å elska."

Georg Lange
Skrivar

Laurdagskvelden, den 7. mai 1938, hadde Lysefj. u.l. det siste lagsmøte før sumaren. Møtet var sett til kl. 21. men ~~tok~~ikkje til før kl. var framimot ½ 23.

Det tok til med songen nr: 316 „var aldri redd". Møteboki vart upplesen og godteken med nokre små merkn.

Det var kome ei lista frå B. til dette møtet. Det gjaldt å samla inn pengar til eit minnesmerke på Harald Sövik si grav. Det vart einstemmig vedteke at u.l. skulde vera med å ta del i utgiftene til dette merke. Kor mykje det vilde koma på var uvisst endå; men det vart vedteke at ein skulde böygja seg til og med 50 kr Femti kronor. Styret skulde elles ordna med dette. Det var meining at minnesmerke skulde ~~skulde~~ vera reist til 17 mai.

På marknaden i påskehelgi var det kaupt to grammofonplater for Alf Bjørvik. Desse måtte sjølvsagt erstattast; og ~~ingen~~ det var vist ingen som hadde noko imot det.

So vart det val av 17 mai komite. desse vart valde: Gurina Drange - Emma Skobøy - Ingrid Sövik - Anna Kalvatræ - Margit Spervik - Karly Karlsen - Lydia Bakervik - Petra Söviknes. Nils H. Drange Ola H. Drange - Einar N. Drange - Jon Rindedal - Nils Bodenne. Edv. Söviknes.

Det var då på tale um laget skulde reisa på ein tur i sumar. Det var mest stemning for ein tur til sjøs, slik at ein reiste ein laurdags

kveld og fekk låna eit ùngdomshùs
ein eller annan stad og so attende
om søndagen. Det vart vald ei nemnd
på fire stykker som skùlde ordna med
denne tùren. Nemdi var: Malvin Søvik
Georg Drange – Laura Bakervik og Ingrid
Søvik.

Det var og tala ùm ei ùngdoms-
stemna som Lyseff. ù.l. skùlde arrangere.
Her vart og vald ei ~~nemnd~~ på ~~fire~~ stkr.
som skùlde syta for ~~at~~ ùm ei slik stemna
Georg Drange, Martin Drange, Kal Ùm, O. Bakken
kùnde ~~verta~~ arrangert: Ragnhild Søvik, Hilda Sponvik, Ingrid Søvik, Lilly [illegible]

So til slutt var det snakka om
at hùset trong ei dùgleg reingjersla
og det var meiningi at hùset skùlde
målast ùtvendig og dørar og glas
og gjeri ogso
innvendig, alt skùlde setjast ùt på
anbùd. Det var og ein del dørlås som
var i ùorden og fleire glasrùter vantar;
men dette hadde formannen fått N.c.
Søvik til å ordna. Elles ~~skùlde~~ skùlde det
rydjast rùndt hùset og gjerdet setjast
ùpp, og elles pyntast på beste måte
soleis at „Ljosheim" verkeleg ~~kan~~ kasta
ljos i frå seg i sùmar.

Møtet slutta i 1/2 1 tidi med
songen „Fred hviler over land og by".

Georg Drange,
skrivar

„Haustfest“. „1938.“

Laurdags kvelden 24 september skipa Lysefjordens ungdomslag til haustfest.

Festen var sett til kl 8; men då frammøte var dårlegt som vanlegt, vart han utsetja tiden til før kl 10.

Festen vart opna med nokre musikk nummer i frå musikklaget.

So ynskte formannen alle velkomen, og so vart „Millom bakkar og berg ut med havet“ songen.

So fekk me festtala av Lars Skorpen, um reiselivs utviklingi rundt um i landet vårt. Etter tala vart songen siste verset av „Gud signe Noregsland“.

Då formannen takka Lars Skorpen for tala, viste det seg at han hadde heile festlyden med seg.

Musikklaget spela so ein mars, medan festlyden gjekk ned i matsalen, som stod med dukka bord.

Då me var ferduge med maten, skulde me havt upplesning, men det lei so langt at me måtte stoppa det, og setja dansen i gang med det same, som gjekk med liv og lyst ei stund ut yver natti.

For skrivaren
Nils Haug

Sundagskvelden den 9. oktober hadde Lysefjordens Ungdomslag sitt fyrste möte i det nya lagsåit.

Mötet opnar med songen Nyttmunde. Då ikkje skrivaren var til stades vart möteboki utsett til neste möte.

So heldt formannen fram at visst laget skulde skipa til lagsfest fekk sandeleg dei som vart valgde vera med å hjelpa til, elles so ingen fest, og dei sag det ut for dei vilde for fest vilde alle ha.

Dei som vart valgd til lagsfest komiteen er:

Gudrun Rasmussen, Sally Karlsen,
Nelly Bakervik, Gudrun Drange,
Petra Sovikness, Lydia Norvik.
Norvald Drange, Karl Drange
Alfred Bodene Ole Norstrøm.

So vart da vedtekke at laurdag 29/10 skulde laget skipa til dans og til å ordna med denne dansen vart valgd. Malvin Sovik. Mons Sovikness Margit Engelsen, og Nelly Rasmussen.

Programnemnd til neste möte vart valgt Lydia Bakervik. Aslaug Engelsen, Astrid Spurvik og Arnfinn Spurvik. Etter valet vart sungen fram dansar ein lang tid.

So vart det repitert litt upp att i bitteren, som viste seg var gått nøykje attende aver land og by.

Mötet slutta i ½ 12 tida med songen, fedraidar

For skrivaren
Nils Drange

V

"Medlemsfesten til Lysefjordens Ungdomslag

vart halden i Ljosheime laurdags-kvelden den 11. november.

Festen opna med song, „Ty-tebær upp på tuva". So gjeste formannen alle velkomen til denne festlegheiten som laget har stelt på til.

So fekk me festtala av Ingvald Søvik, som viste å gjera eit godt inntrykk på alle i Salen.

Formannen takka so Ingvald Søvik for talen med heile festlyden med seg.

So vart det gong i kjellaren å smakka på grauten, men fyrst fekk me ei visa av Georg Drange.

Då me so var ferdig med maten gjekk me upp att i salen og tok oss ein livande svingom.

I ein pause vart so premiane som var uppset til Tevling til Tagsig-tingi utdelt.

Og i andre pausar fekk me tablå som forsto.

Kl. 1-½ 2 vart det mat gitt igjen og det viste at det gjorde godt, for då kvikna me til att, då me fekk oss ein kopp kaffi. Det trengte det for Vetrim, for han spelte so belgen vilde rivna.

Då kl gjekk til 3 fekk

me besökt av 3 spelemenner til, som stilte seg upp med Vetåsen. So spelte dei alle Kameraden i samen, som gav ein fenomenal gjenklang, so me måtte på golvet alle som ein.

Festen gjekk med humorfylt stemning like til me sluta i 4-5 tidi um morgonen.

for Skrivaren
Nils Drange

Lagsmöte

Lysefjordens ungdomslag heldt vanleg lagsmöte i Ljosheimen sundag den 23/oktober.

Mötet tok til med song, "Å leva det er å elska."

Möteboki vart so upplesi og godteken. So vart det val på programnemnd. Dei som vart valde var: Mons Söviknes, Ole Norstraum, Ingrid Sövik og Petra Söviknes.

So las Ingrid Sövik upp or Ljosglimt som ho hadde skrive mykje godt i, so gav ho bladet til Norvald Drange til neste gong.

Programnemndi var komne med framlegg um Musikk på lagsmöti; men det fann me ut var til å riva meir ned en til å byggje upp lagsarbeidet med. Like eins

kom dei um framlegg um sy-klubb, men då me ikkje fekk høyra nåko ifrå gjentorne, vart det avgjort at dei skulde snakka seg innbyrdest og sjå um det kunde verta nokor ut av.

Det var og på tale um å senda ei helsing til Vidsen som var reist til Amerika, men me fann ut at ei helsing i frå oss ikkje vilde vera høveleg. Me prøvde so å repetera litevi grand på tilen, men det viste seg at interessa var skral, so me slutta av ganske fort.

Til slutt vart so songen
„Gud signe vårt dyre fedreland"

For Skrivaren
Nils Drange.

Årsmelding 1938.

Lysefjordens ungdomslag hev i 1938 havt 10 møte. 9 vanlege møte og eit friluftsmøte som vart teken til Skogsvågen [illegible] med Skodespel og dans. Lille dins hev laget havt 12 dansar og 3 festar.

Talarar på festane hev vore:
På Joletre festen Lærar Bötun
På Foreldre festen Skulestyrar Lökling
~~På~~ 17 mai Lærar Vaustdal.

På Haustfesten Lars Skorpen,
og på Medlemsfesten Ingvald Sovik.

Huset hev og so vore leiga burt 4 gonger. 1 gong til Westun ungdomslag 1 gong til Westun Losje. 1 gong til Os sanitetsforening, og 1 gong til Os ungdomslag.

I år hev laget havt nokko utlegg til oppussing av huset som trongst vel um; Soleis vaska heile Huset innvendig og malt Huset og olje alle golv. og ymse andre utlogor til vedlikehald av eigedomen.

Lagsarbeidet i år hev vore heilt tunt, på den grunn at medlemmane hev vist seg lite interessera i til å styra laget og og fram.

Men like vel fekk ein i sving eit basararbeid i vinter som medlemane fekk fekk tiljenge på til å lova leitta. Tanken var bygt på å skaffa litt fart i laget på møti våre, som hadde vore slapp lenge.

Interessa på basararbeidet var stor; men då ein skulde leita på lagsmøti våre etter på, var det alt teke til å dala på ned att, og dar visa mytje ut av lille sala som er vorten stor i laget vart. Difor vil eg beda dykk ungdomar vera med på å hjelpa til i alt lagsarbeid, og skulde sela ut av dykk, so kan me endelegeia å nå upp i mot målet som

Laget er og skal vera bygdt på.

Me hev endå eit tungt tak for me er eigar av huset vårt, som står med eit restarande skuld-beløp på kr 330,00.

Men vist me vil gjera vårt, alle lagsfolk, so kan me endå nå målet.

Til slutt vil ~~me~~ so få ynskja laget sin god framgang i det komande år.

for Styret.

Nils E Drange

Årsmøte i Lysefj.-Ungdomslag vart halde sundag 10 Desember 1938.

Møtet byrja kl. ~~[illegible]~~ med songen „Kunnskap skal styra rike og land". Skrivaren las so møteboki og årsmelding som vart godteken utan merknad.

Kassastyraren fekk so ordet, og rekneskapet for 1938 vart upplese og godteke.

Ein gjekk so til val på juletrefestnemd, og desse vart valde: Andreas Nordvik, Johs. Fossen, Peder Djupvik, Odd I Drange, Arnfinn Sperrevik, Ole E Drange. Lilly Nordvik Frida Sperrevik, Magny Drange Lina Bjoravik Anna Kalvetræ, Hilda Bolland, Klara Nordstrammen, Lydia Nordvik.

Det vart so gått til val på ~~ny~~ formann, og etter eit prøve val, viste det seg at Peder Søviknes vart valt med 17 røyster, som nr. 2 stod R. Brena med 10, og Oscar Drange som nr. 3 med 2 røyster. Nils E Drange ba frå på fyrehand at han ikkje tok mot attval.

~~Da~~ tok ein styreval, og desse vart valde:

Edvard Sviknes med 18 röyster, Borghild B Sövik 16, Ingrid Sövik 10 Rikard Buene 10 röyster. (etter loddtrekning millom dei tvo siste, vart Ingrid Sövik fyrste varaman.) dei andre varamenn vart Odd J. Drange med 7, og Leif Leirvåg med 6 röyster.

Som laget sine utsendingar og ettersynsmenn vart Alfr. Gjerrud og Nils M. Drange attvald.

Til hus og rednemnd var desse valde:
Malvin Sövik, Ole J Drange, Haldor Trollen og Nils E Drange.

Mötet slutta med songen „Fred viler over land og by."

R. Buene
Skrivar.

2^dre dag jol hadde Lysefj.-U.lag Dans med utlodning. Det nye styret stod for styrni. Spelemenn var Hr. Vettås m. fl. Dansen tok til i 22 tidi, og det var slutt kl. 3. Brutto inkoma vart kr.

1939

Joletrefesten ~~1938~~.

Laurdagskvelden 14 Januar helt Lysefj. Ungdomslag sin vanlege joletrefest.
Festen var lyst til, kl. 19,30, men byrja ikkje fyrr i 21 tidi. Formannen helsa festlyden velkomen. „Nå koma guds englar" ~~med~~ vart sungen. Ein hadde vore so heppen og fått ha Skuledstyrar Lökling til og halda festala, og formannen gav ordet til han. Hr. Lökling heldt so ei forvitneleg tale yver emnet: Å tenkja ideelt, og kom inn på mange aktuelle livsyn og grunntankar, og talaren vart gjævt fagna. Lyden song so songen, nr 6 - Jolesong [illegible] og etterpå vart det marsjera i matsalen.

Etter at svolten var stetta, vart det gong kring joletreet medan Th. Gjerrvik spela orgel.
I kvilestundene song Dobbelkvartetten nokre songar
Og Emma Søviknes las or Ljosglimt.
Elles spela Musikklaget jolesongar m.m. og Nicolai Engelsen løyste av ved orgelet. til slutt var det so lit leik og turdans.

Til slutt song festlyden „Gud signe vårt dyre Fedreland.
Forts. I [illegible] og folk gav seg på heimveg, klokka var då burtimot 3.

R. Buena
Skrivar.

Lagsmøte!

Lysefj- Ungdomslag hadde vanlegt møte i Ljosheim Laurdag 21/1-1939.
Møte var sett til kl. 21 men tok ikkje til fyrr kl. 21.30
Med songen „Kva me vil, ungdomsflok"
Formannen ynskte so alle velkomen til det fyrste møte i det nye året, og takka likeins den fyrverande formannen og styret for deira arbeid i året som gjekk.

Møteboki vart so upplesi og godteken utan merknad, då skrivaren R. Buena ikkje kunne møta enno, vart refferatet upplese av ~~Formannen~~ Edv. Søviknes.
Til programnemd vart desse valde:
Emma Søviknes Markvald Revheim
Petra — " — Ole Nordstraum.
Då laget i år som fyrr skulde skipa til foreldrefest, vart desse valde i festnemdi:
Borghild B Sovik. Margit J Bakarvik.
Emma Asphaug. Ingeborg N Nordstraum.
Else Buena. Lina Bjoarvik. Markvald Revheim
Leiv Leirvåg. Alf Bjoarvik. Olav Søviknes.

Formannen orda so frampå um at laget måtte kosta seg nye gardinor for vindauga i salen. Det var då vedteke åt få 2 gjentor til å syta for dette, og få gardinorne uppehengde til foreldrefesten.

Borghild B. Sørvik og Margit J. Bakarvik vart valde til dette.

Likeeins vart det vedteke at laget skulde skipa til dansemoro Laurdag 28/1. og Nils Buena Sigvald Lervåg og Emma Ospehaug Målfrid Nordvik skulde ordna med dette.

Det vart og ordt frampå um laget skulde skipa til eit Karnevall i år; men ein skulde koma attende til saki på eit seinare møte.

Likeeins vart det drøfta um og festleghalda laget sin 20 årsdag som er fyrste helgi i mars. Denne tanken vart stydja, og det vart difyr vald ei nemnd som skulde få i gong eit spelstykke til denne festen. Desse vart valde: Georg Drange Eilev Drange Borghild B. Sørvik Lilly Buena. Og ein skulde då koma attende til saki på neste møte. Dette var Sakslista.

Ein skulde so få lagsbladet, men då Bladstyra Markvald Revheim ingen bladmat hadde fått, las han istaden nokre dikt or ei onnor bok. Til slutt vart det leika ein del songleikar, og turdansar. Olav P. Drange spela fiolin til. Møte slutta i 1 tidi, med songen „Fager kveldsol smiler“.

R. Buena
Skrivar.

Ungdomen i Lysefjorden syng.
9. desember 1933.

Tone: For Norge kjempers födeland.

1.

Eg helsar deg min ungdomsheim, „Velkomen skal du vera
Ja, gjer eg stödt forfylgja deim, som held deg högt i æra.
Eg venta lenge, det er 'ke, men då du kom, då kom du god.
Eg helsar deg min ungdomsheim: „Velkomen skal du vera."

2.

Eg helsar deg mi höge hall, du var min draum og tanke
Skift ungdomsmöd du vera skal frå svevn og vidvanke.
ja - varding for gut og möy i vik og våg, på nes og öy.
Eg helsar deg mi höge hall, du var min draum og tanke.

3.

På berget er du lufta bygd - den grunnen vil eg våga.
av sterke, hage hender bygd - det vitna vil di soga.
Ja, stå som bauta yver deim som rudde jord og bygde heim
På berget er du lufta bygd, den grunnen vil eg våga.

4.

Ja stå som bauta yver deim som rudde og som bygde
frå ætt til ætt i kår, ein heim, og sidan heimen bygde
Og her kring denne ungdomsstad, dei skreiv vår soga blad for blad,
I småe kår, men enno glad dei seg i heimen bygde

5.

Det er mi von i denne stund, at du vil stå i trivnad,
og at ein ungdom sterk og sund stend vakt med all sin grunad.
Ja, lat det alltid verta sagt: „Vårt unge blod eig mod og makt,
og stend som fremste vardevakt". Då vil du stå i trivnad.

Nils Flesland.

Laurdag 11 Februar -39, hadde Lygrefj. Ungdomslag vanlegt møte, som tok til i 22^{30} tidi med song 322. Vi er en liten men livsglad flekk.

Møteboki vart upplesi og godteke utan merknad. fyrste sak var programnemd til neste møte. desse vart valde: Sofia Spurrevik. Sigvald Leirvåg Ingeborg N. Nordstraum Nansy Spurrevik.

Sak nr. 2 var spursmål um tilskiping av Karneval og etter ein del snakk. um spursmålet, og det synte seg at dei fleste var for ei slik tilskiping, vart det gjenge yvert til val på karnevalsnemd. desse vart valde: Knut Bakervik. Peder Djupvik Norvald Drange formann. Georg Drange. Nils Drange Einar Engelsen. Eilef Drange, Jon Rindedal.

Då laget no går inn i sit 20. år, so vart det vedteke å skipa til eit 20 års gilde, og i dette høve vart desse vald til og skipa til festen. Anna Kalvetra Maria Djupevik Olea Drange Maria Mangersvåg Lina Bjarvik. Else Brurua Margit Bakarvik Petra Søviknes. Guten var: Edvard Søviknes Jon Rindedal Nils Brurua. Eilef Drange Ole Djupvik Mons Søviknes.

Song nr. 329. Fred rike over land, vart sungen, og møtet slutta i

R. Brurua
Skrivar

Lov- og fyresegner for bruket av Lysefjordens Ungdomslag sitt hus „Ljosheim“

I

Lysefjordens ungdomslag skal alltid syta fyre at ungdomshuset og heile eigedomen „Ljosheim“ er vel vyrdsla og halden i god stand. Det vert vald på kvart einaste årsmøte ei nemnd på 4 lemer som skal syta fyre at so vert gjort, og som skal koma med framlegg til lags-styret um vølor og vølor med eigedomen.

II

Ungdomslaget skal alltid ha fyrsteretten til bruken av ungdomshuset. Dinast skal huset på rimelege vilkår og mot høveleg godtgjering lånast burt til alle som lags-styret finn det sømeleg.

III

Dei som fær låna „Ljosheim“ stend til svars for at alt det dei nyttar av ungdomslaget sin eigedom, er i same stand når dei gjeng frå det som dei tok i mot det. Leiga for huset vert kvar gong fastsett av styret for ungdomslaget.

IV

Huset må ikkje lånast burt til noko lag eller nokon som vil driva berre vanleg runddans der. På tilskipingar med dans må det alltid vera fyredrag eller spelstykke. Formannen eller ein lem av styret skal alltid hava fritt tilgjenge til huset.

jamvel um huset er leigt eller låna burt.

V

Lysefjordens ungdomslag skal alltid nytta huset i samhöve med desse fyresegner og laget sine lover. Det skal difor halda burte frå huset og eigedomen sin alt som skader eit friskt og godt lagsarbeid. Dei som synbert viser at dei hev nyte rusdrykk, kan visast burt frå laget sine möte og festar. Tobakksröykjing er forbode i mötesal og kjöken.
Spytting på golvet er strengt forbode alle stader i huset.

VI

Rund-dans må ikkje nyttast frå vanlege lagsmöte. På festar eller andre samkomor kan han brukast upp til 12 gonger um året, tvo gonger berre for lagsfolk som kan beda til med seg. I sers höve kan styret gjeva löyve til ein dans endå ein gong. Det er ikkje festnemndi, men styret som skal avgjera når det er höve til dans på laget sine samkomor.

VII

Huset må alltid haldast reint. Etter möte og festar skal alle romi som er bruka, luftast godt og benkjer og golv vel vaskast.

VIII

Lagsformannen i samråd med styret

skal alltid syta fyre at huset vert nytta i samhöve med desse fyresegner.

IX

Årsmötet kan brigda desse fyresegnene når $^2/_3$ av dei mötande er samde um det. Framlegg til brigde må styret ha kunngjort minst 14 dagar fyre årsmötet.

Lysekloster 20. febr. 1934.